



Kvernsteinsparkens skrifter 3

UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen: Eit nytt fyrstårn for HAFS og Sogn og Fjordane?

MUSEA I SOGN OG
FJORDANE
Norsk Kvernsteinsenter

Forprosjektrapport til
HAFS Regionråd
Januar 2018

 **Hyllestad kommune**



Kvernsteinsparkens skrifter 3

MUSEA I SOGN OG
FJORDANE
Norsk Kvernsteinsenter

Musea i Sogn og Fjordane
avd. Norsk Kvernsteinsenter
N-6957 Hyllestad
Tel: +47 458 71 940

post@kvernstein.no
www.kvernsteinsparken.no
www.facebook.com/Kvernsteinsparken

15. januar 2018

ISBN 978-82-93656-02-9

Framsidedeilete, ovanfrå og ned: Fjelltur på toppen av Lihesten i Hyllestad, med Alden og Atlanterhavet i horisonten (foto: Per Storemyr); utsnitt av Noregs eldste geologiske kart, eit framifrå kart over HAFS-området frå 1825, teikna av Carl Friedrich Naumann frå Tyskland. Det er eit av dei aller fyrste, moderne geologiske karta i verda.

Franziska Rüttimann Storemyr

UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen: Eit nytt fyrtårn for HAFS og Sogn og Fjordane?

2018

Forprosjektrapport til HAFS Regionråd

Januar 2018

Kvernsteinsparkens skrifter 3

ISBN 978-82-93656-02-9

Siterast som:

Rüttimann Storemyr, F. 2018. UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen: Eit nytt fyrtårn for HAFS og Sogn og Fjordane? Rapport til HAFS Regionråd frå Musea i Sogn og Fjordane, avd. Norsk Kvernsteinsenter, Hyllestad. *Kvernsteinsparkens skrifter*, 3, 69 s.



Kva er ein UNESCO Global Geopark (UGG)?

- Ein UGG er eit geografisk område som rår over ein internasjonal framifrå geologisk arv.
- Området har ikkje status som verna etter lov: Næring og utbygging kan halde fram, under føresetnad om langsiktig berekraft. Det er det same som normale lovar og reglar i Noreg føresett.
- Ein UGG er ikkje ein «geologipark», men formidlar og fortel om heile natur- og kulturarven. Denne arven er kapitalen som blir brukt til verdiskaping.
- Ein UGG er ein samarbeidsplattform på tvers av kommunane – ein «motor» for samfunns- og næringsutviklinga i regionen.

Oppgåvene til ein UGG er:

- Vere pådrivar for skjøtsel av natur- og kulturverdiar
- Utvikle berekraftige tilbod for turistar, skular, grupper osv.
- Bygge opp eit nettverk av Geopark-partnarar, utvikle felles produkt (t.d. «Geofood»)
- Løfte infrastrukturen i regionen (transport, vandrestiar, overnatting, matservering)
Marknadsføre regionen
- Utdanne guidar
- Utvikle andre samfunnsprosjekt og hjelpe med finansiering og gjennomføring, t.d. miljøprosjekt.

Desse tiltaka skal føre til at hovudmåla til ein UGG vert nådd:

- Utvikling av reiselivet og næringslivet generelt
- Fleire arbeidsplassar og auka verdiskaping i regionen
- Bygging av identitet og stoltheit i lokalsamfunnet kring «sin UNESCO-region»
- Auking av bustadsattraktiviteten


Eit sentralt krav frå UNESCO er at finansieringa til UGG er sikra på lang sikt. Kvart fjerde år blir ein UGG «revalidert» for å fornye statusen.

Les meir her:


<http://www.unesco.org/new/en/natural-sciences/environment/earth-sciences/unesco-global-geoparks/>



Ein Geopark skapar verdjar av natur- og kulturarven. Skatten ligg der og ventar på å bli oppdaga!
Foto: Espen Mills



Granatglimmerskifer og eklogitt. To bergartar som kjenneteiknar HAFS-regionen. Danna djupt inne i jordskorpa då den Kaledonske fjellkjeda reiste seg for 400 millionar år sidan. Foto: Per Storemyr



Konglomerat frå den geologiske perioden devon. HAFS har store devonfelt. Dei blei danna då den store fjellkjeda braut saman og etterlet seg gigantiske steinrøyser. Foto: Per Storemyr

Utvida samandrag

HAFS-regionen rår over ein unik geologisk arv: For ca. 400 millionar år sidan fantes her ei enorm fjellkjede i same kategori som Himalaya. Opphavet og restane til fjellkjeda pregar heile landskapet i HAFS og blir i dag studert av geologar frå heile verda. Norsk Kvernsteinsenter i Hyllestad og Norges geologiske undersøkelse (NGU) i Trondheim har nyleg gjennomført Geologiprojektet der det blei utarbeidd geologi-løyper i regionen for å formidle denne naturskatten til publikum. Dessutan anbefalte NGU å undersøkje moglegheitene for å etablere ein UNESCO Global Geopark.

I HAFS-regionen finst det allereie ein park: I 2017 blei det med Sognefjorden Kystpark etablert ein Regionalpark i HAFS med base i Solund som i dag har 30 medlemmer både frå det offentlege og det private. Regionalparkar har mykje til felles med Geoparkar: Begge definerer seg som samarbeids-plattform og utviklingsverktøy for lokalsamfunnet. Også Kystparken har som mål å bruke regionen sin geologiske arv som eit grunnlag for samarbeid, utvikling og merkevarebygging av regionen.

Denne rapporten fortel om kva ein UNESCO Global Geopark er, korleis han bør vere organisert, kva UNESCO krev, kva HAFS-kommunane kan forvente av positive effektar og korleis Sognefjorden Kystpark kan samkøyrast med ein Geopark.

- **UNESCO Globale Geoparkar er likestilte med UNESCO verdsarvstader**

UNESCO innførte kategorien «UNESCO Global Geopark» (UGG) i 2015 og likestilte Geoparkane med verdsarvstadene. Ein UGG er eit berekraftig samfunnsutviklings- og verdiskapingsprosjekt som er basert på ein region sin natur- og kulturarv. UGG-statusen er berre aktuell for regionar som har ein internasjonal framifrå geologisk arv – slik ekspertane meiner at HAFS-regionen har. UGG-konseptet gir ein region eit godt grunnlag for å utvikle lokalsamfunna og nærings- og reiselivet på ein berekraftig måte.

- **UNESCO-merket er eit av dei mest prestisjefulle varemerka i heile verda**

For HAFS-regionen vil ein UNESCO Global Geopark vere eit interessant utviklingsverktøy og fungere som ei felles samarbeidsplattform for å utnytte regionen sine natur- og kulturverdiar i større grad enn kva som er tilfelle i dag. Heilt sentralt står det prestisjefulle UNESCO-merket med sin høge marknadsverdi: Med UNESCO-merket vil HAFS-regionen få tildelt det mest ettertrakta kvalitetsstempellet ein reisedestinasjon i verda kan få. Samtidig forpliktar dette regionen til å verne natur- og kulturstader og til å levere opplevingsprodukt av høgste kvalitet. Men UNESCO-merket gjer det lettare å få tilført både kapital og kompetanse til regionen. Ein destinasjon med UNESCO-stempel blir ein del av eit UNESCO-nettverk og kan m.a. samarbeide om marknadsføring, sal og merkevarebygging med andre UNESCO-stadar som t.d. Nærøyfjorden Verdsarvpark, Urnes Stavkyrkje og Bryggen i Bergen – og andre UGG. Ein UNESCO Global Geopark i HAFS vil vere eit fyrtårn av internasjonal betyding – både for turistar, for kommunane, regionen, fylket og Noreg.

- **Ein UNESCO Global Geopark er eit stort prosjekt som krev ressursar og kreativ nytenking**

Som døma frå dei andre norske Geoparkane viser, er ein UGG eit stort og ambisiøst prosjekt. For å oppfylle krava til UNESCO og for å oppnå dei ønska resultata, er det viktig å ha nok ressursar tilgjengelege frå starten av. Finansieringa må vere sikra på lang sikt, elles vil UNESCO ikkje kunne tildele statusen. Både fylkeskommunen, kommunane og private aktørar bør vere eigarar av

Geoparken, ikkje berre for å sikre finansieringa men også for å sikre den viktige lokale forankringa som UNESCO ønskjer. Den norske staten gir per i dag inga statleg støtte til korkje Geoparkar eller Regionalparkar, men i begge miljø blir det jobba aktivt mot sentrale myndigheitar for å nå målet om statleg medfinansiering av parkane. UNESCO-merket aleine er ikkje nok til å trekke mange turistar. Det er viktig at Geoparken skapar spennande og oppsiktsvekkande opplevingstilbod i regionen slik at HAFS blir ein *reason to go* for reisande.

- ***Kvernsteinsparken, Kystparken og Friluftsrådet som ressursar***

HAFS-regionen har svært gode føresetnader for å komme i gang med ein UNESCO Global Geopark. Med Norsk Kvernsteinsenter/Kvernsteinsparken, ei avdeling i Musea i Sogn og Fjordane, finst det eit fagmiljø som har kompetanse innan geologi, kulturhistorisk bruk av stein og formidling, og som rår over eit godt geofagleg nettverk. Kvernsteinsparken kan fungere som Geopark-besøksenter (i følgje UNESCO må ein UGG ha ein stad der publikum blir mottatt og får informasjon).

Sognefjorden Kystpark er interessert i å bidra til etableringa av ein UGG og har definert dette som eit av måla sine. Ein UGG kan bygge vidare på det arbeidet Kystparken har starta. Vidare kan Fjordkysten Friluftsråd vera med på å løyse nokon av oppgåvene til ein UGG som t.d. vedlikehald av geolokalitetar, skilting, guidekurs osv.

Desse tre institusjonane med sine respektive kompetansar og nettverk har såleis allereie tilrettelagt mykje som trengst for ein Geopark. Saman med andre etablerte institusjonar som Visit Fjordkysten og Norsk Kystkulturakademi vil dei vere sentrale på vegen vidare mot å få etablert ein UGG.

- ***Framifrå geologi og perspektiv for framtida***

I følgje ekspertane oppfyller HAFS-regionen den viktigaste føresetnaden til å kunne bli ein UNESCO Global Geopark: Framifrå geologi. Det er svært få andre norske regionar som oppfyller dette kravet.

Etableringa av ein UGG er eit prosjekt som krev samarbeid mellom kommunane, målretta investeringar og kreativ nytenking. Gevinsten vil vere at HAFS-regionen blir løfta fram som ein UNESCO-region og får etablert eit samfunnsutviklingsverktøy som skapar arbeidsplassar, perspektiv og stoltheit i lokalsamfunnet.

Den geologiske skatten ligg klar – no er det opp til menneska å bestemme om vi vil nytte han, investere i han og løfte HAFS til ein UNESCO-region som det berre finst nokon få av i heile verda.



Kystkultur og kystopplevingar vil vere sentrale i ein HAFS-Geopark! Padling i Solund med Norsk Kystkulturakademi. Foto: Sverre Hjørnevik.

Føreord

Forprosjektet «UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen» er finansiert av HAFS-Regionråd, Musea i Sogn og Fjordane, avd. Norsk Kvernsteinsenter og Norges Geologiske Undersøkelse (NGU).

Forprosjektet starta 1. januar 2017 og blei avslutta 15. januar 2018.

Prosjektet hadde følgjande samarbeidspartnarar:

- Norsk Kvernsteinsenter (prosjektleder, Franziska Rüttimann, Torbjørn Løland, Per Storemyr)
- Hyllestad kommune (prosjekteigar, Morten Askvik)
- Norges Geologiske Undersøkelse (Tom Heldal)
- Sognefjorden Kystpark (Trude Søylen, Kjell Mongstad)

Tusen takk til samarbeidspartnarane for interessante diskusjonar, innspel og kommentarar! Ein spesiell takk til Kjell Mongstad for svært mange gode kommentarar til tidlegare utkast og til Per Storemyr for foto og utforminga av rapporten.

Ein stor takk også til...

- Kristin Rangnes (Gea Norvegica UNESCO Global Geopark)
- Pål Thjømøe (Magma UNESCO Global Geopark)
- Deta Gasser (Høgskulen på Vestlandet)
- Svein Arne Skuggen Hoff (Vilja Plan og Prosess AS)
- Per Arne Tveit (HAFS-Regionråd)

...for all støtte og hjelp!

Hyllestad i januar 2018

Franziska Rüttimann Storemyr
Prosjektleder

Innhald

Utvida samandrag	8
Føreord	11
Innhald	12
Bakgrunn, mål og tiltak i forprosjektet.....	15
Bakgrunn	15
Mål	15
Tiltak.....	15
1 Studieturar til to norske Geoparkar	15
2 Møte med Regionalparken «Sognefjorden Kystpark» i Solund	16
3 Hyllestadseminar om Geopark i HAFS-regionen	16
4 Research om Geoparkar	17
5 Kartlegging av aktørar (reiseliv, næringsliv generelt) i HAFS-regionen	17
6 Studietur til ein utanlandsk Geopark	18
UNESCO Global Geopark: Definisjonar og kriterium	20
Kva er ein Geopark?	20
Kva er ein UNESCO Global Geopark?	20
Korleis kan ein bli ein UNESCO Global Geopark?.....	21
Korleis er situasjonen for Geoparkar i Noreg og i utlandet?	25
Dei to eksisterande UNESCO Global Geoparkane i Noreg	25
Gea Norvegica Geopark (.....)	25
Vurdering.....	27
Magma Geopark (magma geopark.com)	28
Vurdering.....	30
Trollfjell Geopark: UNESCO Global Geopark under etablering (trollfjellgeopark.no).....	31
UNESCO Globale Geoparkar i utlandet	32
Geoparkar i Tyskland.....	32
Burren and Cliffs of Moher Geopark i Irland (burrengeopark.ie)	33
Kvalifiserer HAFS-regionen til UNESCO Global Geopark og kor vil grensene til ein Geopark gå?	37
Kor vil grensene til ein Geopark i HAFS gå?	37
Kva kan ein forvente seg av positive effektar av ein UNESCO Global Geopark?	42
Styrking og utvikling av lokalsamfunnet.....	42

Utvikling av regionen til eit attraktivt, berekraftig reisemål	44
Reiselivsplanar og –strategiar i Noreg: Passar ein UNESCO Global Geopark inn?	46
Er det mogleg å samkøyre Geopark-ideen med Regionalparken «Sognefjorden Kystpark»?	50
Kan Geoparken og Kystparken samkøyrast?	51
Skal Geoparken vere ein Regionalpark?	51
Skal Geoparken bygge vidare på Sognefjorden Kystpark?	51
Kvar går vegen vidare for å realisere ein UNESCO Global Geopark?	54
Målet må vere ein UNESCO Global Geopark	54
Forankring i kommunane og i fylkeskommunen	54
Satsing frå starten av	55
«Reason-to-go»-attraksjonar i Geoparken	55
Forslag til korleis ein kan realisere ein UNESCO Global Geopark i HAFS	58
2018: Avklaringar	58
2018-2019: Førebuing hovudprosjekt	59
2019-2022: Hovudprosjekt	59
2023: Geoparken i HAFS får UNESCO-status og driftsfasen tek til	60
Referanser	62
Internett	62
Publikasjonar	63
Vedlegg 1: Uttale Norges geologiske undersøkelse	64
Vedlegg 2: Støttebrev Høgskulen på Vestlandet	66
Vedlegg 3: Program Hyllestadseminar	67



Brurastakken på Atløyna. Noregs finaste fold! Eit ikon i ein HAFS Geopark! Foto: Per Storemyr

Bakgrunn, mål og tiltak i forprosjektet

Bakgrunn

Geologien i HAFS-regionen er i fagkretsar godt kjend og rekna som framifrå, også i internasjonal samanheng. I 2012-15 gjennomførte Norsk Kvernsteinsenter og Norges geologiske undersøkelse (NGU) prosjektet «Geologien som verdiskapar» med HAFS Regionråd som prosjekteigar (Heldal og Løland 2015).

Prosjektet resulterte i ein «teikneserie» om den mest interessante geologiske prosessen i regionen – ei fjellkjedes vekst og fall, fleire geologiløyper og -tavler, ei populærvitskapeleg bok (kjem i 2018) pluss kartlegging og forslag til mange løyper og geologisk interessante punkt.

Sluttrapporten frå prosjektet viste tydeleg at det ligg eit stort potensiale i regionen sin geologiske arv som verdiskapar både for reiselivsnæringa, lokalbefolkninga og skulane. I følgje NGU er den geologiske arven i HAFS så spesiell og av internasjonal framifrå karakter at den kvalifiserer til ein UNESCO Global Geopark (UGG).¹

Mål

Hovudmålet med forprosjektet var å drøfte om etablering av ein UNESCO Global Geopark er ein mogleg strategi for HAFS-kommunane for å utvikle regionen. Regionsutvikling betyr m.a. samarbeid på tvers av kommunane, utvikling av reise- og næringslivet (t.d. merkevarebygging med hjelp av UNESCO-varemerket), auking av folketalet og bustadattraktivitet og identitetsbygging hos befolkninga.

Forprosjektet skulle m.a. gje svar på desse spørsmåla:

- 1) Kvalifiserer HAFS-regionen til UNESCO Global Geopark (UGG)?
- 2) Kor vil grensene til ein HAFS-Geopark vere?
- 3) Kva kan HAFS-regionen forvente seg av positive effektar av ein Geopark?
- 4) Kva er vegen/vegane å gå vidare for å realisere ein Geopark?
- 5) Er det mogleg å samkøyre Geopark-ideen med Regionalparken Sognefjorden Kystpark?

Tiltak

1 Studieturar til to norske Geoparkar

Planlagt

Studieturar til to norske Geoparkar for å studere organisasjon, formidlingsopplegg, økonomisk avkastning, utfordringar og samarbeidspartnarar.

¹ Sjå utsegn frå NGU i vedlegg 1

Gjennomført

14-18. mars 2017 reiste Torbjørn Løland og Franziska Rüttimann (Norsk Kvernsteinsenter) saman med Trude Søylen og Kjell Mongstad (Sognefjorden Kystpark) på studietur til dei to eksisterande UNESCO Global Geoparkane i Noreg. Første stopp var Geoparken «Gea Norvegica» i Porsgrunn-regionen der vi treffe dagleg leiar Kristin Rangnes til eit møte og ei synfaring i Geoparken som varte heile dagen. Neste stopp var Magma Geopark i Egersund-regionen der vi møtte dagleg leiar Pål Thjømøe også til eit møte og ei synfaring.

2 Møte med Regionalparken «Sognefjorden Kystpark» i Solund

Planlagt

Møte med dei ansvarlege i Regionalparken i Solund: Drøfting av samarbeid.

Gjennomført

Det har vore fleire møte med representantar for Sognefjorden Kystpark. Denne parken blei stifta i januar 2017 som Noregs 6. Regionalpark. Oversikt over møte:

- 9.12.2016: Møte i Solund med Trude Søylen, Kjell Mongstad (begge Sognefjorden Kystpark), Tor Arne Hauge (Solund kommune), Tore Berntsen (rådgjevar for Sognefjorden Kystpark), Torbjørn Løland, Per Storemyr og Franziska Rüttimann (alle Norsk Kvernsteinsenter). Formål med møtet: Informere kvarandre om det føreståande forprosjektet om UNESCO Global Geopark og om status kring etablering av ein Regionalpark.
- 14-18.3.2017: Felles studietur Norsk Kvernsteinsenter/Sognefjorden Kystpark til dei to norske UNESCO Global Geoparkane (sjå punkt 1).
- 3.5.2017: Møte i Hyllestad med Trude Søylen og Kjell Mongstad (Sognefjorden Kystpark), Torbjørn Løland, Per Storemyr og Franziska Rüttimann (Norsk Kvernsteinsenter) og Svein Arne Skuggen Hoff som rådgjevar. Formål med møtet: Oppsummering av studieturen og planlegging av vegen vidare.
- 30.8.2017: Møte i Hyllestad med dei same som i møtet 3.5. Formål med møtet: Diskusjon om eit eventuell hovudprosjekt etter forprosjektet.
- 13.9.2017: Per Storemyr (Norsk Kvernsteinsenter) invitert til å halde foredrag ved Gea Norvegica Geopark, som ein start på praktisk samarbeid (ikkje betalt av forprosjektet).

3 Hyllestadseminar om Geopark i HAFS-regionen

Planlagt

Arrangere det årlege Hyllestadseminaret med tema Geopark og med ekskursjonar og presentasjonar om den geologiske arven i regionen, om oppgåvene og potensialet til ein Geopark. Seminaret skal vere eit samarbeid mellom Norsk Kvernsteinsenter og NGU.

Gjennomført

Hyllestadseminaret blei gjennomført 29-30. april 2017 og stilte spørsmålet: «UNESCO Global Geopark i HAFS?» Arrangørane var Norsk Kvernsteinsenter, NGU, Sognefjorden Kystpark og Hyllestad Folkeakademi. Det lukkast i å samle både dei to eksisterande norske UGG og Trollfjell Geopark som er ein UGG under etablering på Helgeland. Dessutan var sekretæren for Norske Parkar² med i Seminaret og held eit innlegg. På søndagen blei det arrangert ein ekskursjon med geologane Øystein Jansen og Tom Heldal.³ Seminaret hadde såleis ein høg fagleg standard.

35 personar deltok på seminaret. Forprosjektet fekk knytt gode kontaktar for sitt vidare arbeid med å få etablert ein UGG i HAFS. Arrangørane fekk veldig gode tilbakemeldingar frå deltakarane om at innlegga var informative og bidrog til forståing av kva både ein UGG og ein Regionalpark er og kva utfordringane er med ei etablering. Dei frå kommunane som deltok, fekk gjennom seminaret ei god innsikt i korleis ein UGG kan bidra til både regional og lokal samfunnsutvikling.

4 Research om Geoparkar

Planlagt

Research gjennom litteratur og internett om Geoparkar, intervju med viktige aktørar innanfor det norske (Geo)parkmiljøet og naturforvaltinga (Norske Parkar, Universiteta osv.).

Gjennomført

Temaet Geopark blei undersøkt på desse måtane:

- Internett og litteratur (sjå siste avsnitt «referansar»)
- Møte/samtalar:
 - 3.3.2017: Møte i Sogndal med Ståle Brandshaug, dagleg leiar i Visit Sognefjord. Tema: Korleis vurderer leiar for Visit Sognefjord ein UGG i HAFS?
 - 26.7.2017: Samtale med Christine Neff, dagleg leiar i den sveitsiske Regionalparken «Jurapark». Tema: Korleis fungerer ein sveitsisk Regionalpark?
 - 22.9.2017: Møte med Tom Heldal, direktør i NGU, i Trondheim. Tema: Kva tiltak må til for å etablere ein UGG i HAFS?
 - 9.11.2017: Telefonsamtale med Andreas Schüller, dagleg leiar i Geopark Vulkaneifel (Tyskland)

5 Kartlegging av aktørar (reiseliv, næringsliv generelt) i HAFS-regionen

Gjennomført

Via Norsk Kvernsteinsenter, Visit Fjordkysten og dei enkelte kommunane eksisterer det ei god oversikt over aktørane i reise- og næringslivet i HAFS som ein burde informere og invitere inn i ein

² Norske Parkar er nettverksorganisasjonen for alle norske regionalparkar. Sognefjorden Kystpark er medlem i Norske Parkar, sjå: <http://www.norskeparker.no/>

³ Alle foredraga er samla her: <https://kvernsteinsparken.no/det-skjer/hyllestadseminaret/>

UGG. I samband med Hyllestadseminaret blei det sendt ut invitasjonar til dei fleste reiselivsaktørane i regionen og andre aktørar. Fordi Hyllestadseminaret blei arrangert i ei helg, var det for fleire av desse ikkje mogleg å delta.

For å få dei relevante aktørane interesserte i ein UGG, er det viktig å få gjennomført gode informasjonsmøte i dei enkelte kommunane. Dette har ein av tidsmessige og taktiske grunnar ikkje gjennomført i forprosjektet, m.a. fordi det er hensiktsmessig å gjennomføre slike møte i samarbeid med dei kommunale organisasjonane og då etter at denne rapporten er vurdert av regionrådet.

Med Høgskulen på Vestlandet, faggruppe for geologi, har Norsk Kvernsteinsenter oppretta kontakt og Høgskulen er interessert i å støtte og bidra til oppretting av ein Geopark i HAFS.⁴

6 Studietur til ein utanlandsk Geopark

Planlagt

Studietur til ein utanlandsk Geopark som har lukkast, helst ein region kor ein kan studere fleire Geoparkar. Der skal ein undersøkje organisasjon, formidlingsopplegg, økonomisk avkastning, utfordringar osv.

Gjennomført

Dette blei ikkje gjennomført med prosjektmidlar. Franziska Rüttimann og Per Storemyr (Norsk Kvernsteinsenter) reiste i juni 2017 på ein privat ferie- og studietur til Irland/Nord-Irland og besøkte to av dei tre irske UNESCO Global Geoparkane: «Marble Arch Caves Global Geopark» (Nord-Irland/Irland) og «Burren and Cliffs of Moher Geopark» (Vest-Irland). Begge Geoparkane har eksistert i fleire år, er vel etablerte og viktige turistmål i Irland og Nord-Irland. I Marble Arch Caves Geopark besøkte vi Geoparksenteret og ein Geopark-lokalitet i landskapet der ein kunne gå tur. I Burren and Cliffs of Moher Geopark oppheld vi oss ei heil veke og besøkte dei fleste av Geoparken sine tilbod.

I tillegg var vi innom UNESCO verdsarvstaden «Giants Causeway» i Nord-Irland, eit av dei fremste geologiske turistmåla i Europa. Informasjonen om desse Geoparkane er basert på Geoparkanes publikasjonar, våre observasjonar og kommunikasjon med personar som har god kjennskap til Geoparksituasjonen i Irland og Nord-Irland.

⁴ Sjå vedlegg 2



Lågøystolane på Lågøy I Solund. Eit spesielt siglingsmerke med store flyttblokker.

Foto: Jarfan - Eige arbeid, CC BY-SA 3.0, <https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=20639226>

UNESCO Global Geopark: Definisjonar og kriterium

Kva er ein Geopark?

Ein Geopark er eit avgrensa geografisk område som skil seg ut frå andre område med sin spesielle geologiske arv og gjerne vakkert landskap som gjer han attraktiv som reisemål. Geoparkar formidlar landskapets historie gjennom ulike tiltak som omvisingar, tavler, brosjyrar, appar, utstillingar, kurs osv. for ulike målgrupper. På ein slik måte er Geoparkar viktige bidragsytarar til turismen og næringslivet generelt. «Geopark» er ikkje eit beskytta omgrep og kan nyttast fritt. Ein del land har derfor innført nasjonale standardar for å sikre Geoparkane sin kvalitet.⁵

På 1990-talet blei dei første Geoparkane etablerte i Europa og Kina. Dette fann stad på bakgrunn av miljørørsla og det aukande medvitet i samfunnet om kor viktig den geologiske arven er for jordas og menneska si historie. Geoparkar skulle spreie kunnskap om dette, ta vare på den geologiske arven og bidra til ei berekraftig utvikling av samfunnet. I motsetning til t.d. nasjonalparkar så er ikkje Geoparkar lovfesta verna område, men inneber eit kvalitetsstempel for landskap med ein spesielt rik og verdifull geologisk arv.

I 2000 blei det Europeiske Geopark-nettverket oppretta, som i skrivande stund omfattar 70 Geoparkar i over 20 land (2 i Noreg). Eit viktig mål med nettverket er å støtte medlemene i å bidra til berekraftig samfunnsutvikling og verdiskaping ved å nytte den geologiske arven.

Med støtte av UNESCO (United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization) blei det Globale Geopark Nettverket (GGN) grunnlagt i 2004 med den gong 17 europeiske og 8 kinesiske Geoparkar. I 2015 oppretta UNESCO eit spesielt varemerke for Geoparkane som heiter «UNESCO Global Geopark» (UGG). Dette gir uttrykk for kor høgt UNESCO vurderer relevansen og den heilskaplege forvaltinga av landskap med ein framifrå geologisk arv. Geoparkar som er godkjent som «UNESCO Global Geopark» har lov å bruke den prestisjefulle logoen til UNESCO i si marknadsføring – akkurat som verdsarvstadane. I dag er det 127 UNESCO Global Geoparkar i heile verda, fleirtalet i vestlege land og i Kina. Alle Geoparkar som har UGG-status er automatisk medlem av det Globale Geopark Nettverket.

Kva er ein UNESCO Global Geopark?

UNESCO Globale Geoparkar er definert slik:

*UNESCO Global Geoparks are single, unified geographical areas where **sites and landscapes of international geological significance** are managed with a **holistic concept of protection, education and sustainable development**.*

⁵ Noreg er for tida i gong med å etablere ein slik nasjonal standard. Prosessen er leia av den norske komiteen for geoparkar og geoarv.

*A UNESCO Global Geopark uses its geological heritage, **in connection with all other aspects of the area's natural and cultural heritage**, to enhance awareness and understanding of key issues facing society, such as using our earth's resources sustainably, mitigating the effects of climate change and reducing natural disasters-related risks.*

*By raising awareness of the importance of the area's geological heritage in history and society today, UNESCO Global Geoparks give **local people a sense of pride in their region and strengthen their identification** with the area. The creation of **innovative local enterprises, new jobs and high quality training courses** is stimulated as new sources of revenue are generated through **geotourism**, while the geological resources of the area are protected.*⁶

Dette betyr at ein UNESCO Global Geopark skal formidle, ta vare på og forvalte alle typar natur- og kulturarv, samtidig som han skal vere ein sentral utviklingsfaktor for dei involverte kommunane. Geoparken må etablerast «bottom-up» og vere godt forankra i lokalsamfunnet.

Som nemnt før er Geoparkar ikkje lovfesta verna område. Naturressursar kan utvinnast også i Geoparkar og firma som driv utvinning av naturressursar (gruvar, steinbrot) kan inngå eit samarbeid med Geoparkar.⁷

Korleis kan ein bli ein UNESCO Global Geopark?

For å bli godkjend som UNESCO Global Geopark må ein oppfylle følgjande krav⁸:

- **Internasjonal framifrå geologisk arv**
Geoparken sin region må kunne vise ein geologisk arv som er av internasjonal betydning. Dette vurderer UNESCO med hjelp av ekspertar.
- **Klart definert areal**
Geoparken sitt område må vere samanhengande og klart definert. Område kan utvidast etter kvart viss det er grunnlag for det. Det er ikkje naudsynt at området fell saman med kommunegrenser.
- **Geoparken må vere i drift og økonomisk sikra**
Geoparken må vere etablert og i drift i minst eit år og ha ei sikra finansiering. Ein Geopark kan ikkje vere organisert i form av eit prosjekt der det er uklart korleis finansieringa fortset etter prosjektets slutt. Vidare må Geoparken ha ein forretnings- og ein forvaltingsplan som fortel om organisasjon/styring (governance), utviklingsplanar, kommunikasjon, vedlikehald og ivaretaking av natur- og kulturarven, om infrastruktur og partnerskap.
- **Geoparken formidlar aktivt den geologiske og kulturelle arven i regionen**
Geoparken har ein klar misjon: Fortelje om jordas natur- og kulturarv og auke bevisstheit og forståing for viktige tema som t.d. bruk av jordas ressursar på ei berekraftig måte,

⁶ www.unesco.org (mi utheving)

⁷ Geoparken Schwäbische Alp i Tyskland har t.d. inngått eit samarbeid med gruvefirma og organisert opne dagar i steinbrot med informasjon om bruk, betydning og bevaring av naturressursar. Kjelde: European Geoparks Magazine, Issue No 13 / 2016

⁸ På websida <http://www.unesco.org/new/en/natural-sciences/environment/earth-sciences/unesco-global-geoparks/application-process/> er det pdf med «Statutes and Operational Guidelines» og «Application Dossier» der ein finn kriterium og krav frå UNESCO si side.

klimaendringar eller naturkatastrofar. Formidling står heilt sentral i Geoparken. Eller som UNESCO formulerer det: «Education at all levels is at the core of the UNESCO Global Geopark concept.»⁹

Konkret betyr det at Geoparken må ha eit formidlingskonsept som vert basert på ulike pedagogiske tiltak: Utstillingar, appar, tavler, brosjyrar, omvisingar, kurs, arrangement osv. Formidlingsarena skal vere landskapet der det gjerast tilgjengeleg «geosites», men det må også finnast eit Geoparksenter der publikum blir mottatt og får ein introduksjon i Geoparkens ulike tema. Også den ikkje-geologiske naturarven og kulturelt interessante stader må vere inkludert i formidlingskonseptet, og det må opprettast vedlikehaldsplanar for alle «sites» (både geologiske og ikkje-geologiske). Det må vere tilstrekkeleg med fasilitetar (overnatting, mat, transport osv.) som sikrar at formidlinga kan gå føre seg som tenkt. Målgruppene skal vere alle, frå barnehagebarn til forskarar, lokalbefolkninga og turistar, jo breiare jo betre.

Det er viktig å understreke at Geoparkar ikkje er «Geologi-parkar» som berre formidlar om geologi. Geoparkar fortel om geologi men i like stor grad om dyr- og planteliv og kulturelle – altså menneskeskapte – spor. Det sentrale er at publikum forstår at jorda og den geologiske arven er føresetnaden og grunnlaget for livet som utviklar seg på denne staden og at alt hengar saman.



Kulturminne er viktige i ein Geopark! Her frå vassbruksmiljøet og den Trondhjemske Postvei i Skor, Hyllestad. Foto: Per Storemyr

⁹ Sjå «Operational Guidelines for UNESCO Global Geoparks», avsnitt 1.

- **Lokal forankring og inkludering**

Geoparken skal ha «bottom-up» struktur» og vere godt forankra i lokalsamfunnet. Dette betyr at det må vere klare strategiar og tiltak som sikrar at lokalsamfunnet og aktørar innanfor politikk, forvalting, utdanning og reiseliv er tett involvert i Geoparken og er med å skape han.

- **Geoparken bidreg til samfunnsutvikling**

Geoparken skal bidrege til lokalsamfunnet si utvikling. Samfunnsutvikling betyr at dei sosiale og økonomiske behova til innbyggjarane blir møtt, at landskapet blir ivaretatt og berekraftig utvikla, og den kulturelle identiteten styrka. Dette skjer på fleire nivå:

-Utvikling av geoparkrelatert reiseliv – såkalla geoturisme – skapar arbeidsplassar og har positive ringverknader for andre delar av næringslivet.

-Medvitgjerling om natur- og kulturarven gjennom undervising, arrangement, samarbeid med lokale aktørar osv. bidrar til å skape identitet og stoltheit for regionen.

- **Geoparken bidreg til berekraftig utvikling**

Geoparken må basere alle sine gjeremål på berekraftige prinsipp: Dette gjelder for forvaltinga av natur- og kulturarven, samfunnsutviklinga og spesielt for reiselivet i Geoparken sitt område. Naturressursar kan likevel nyttast innanfor Geoparken – så lenge Geoparken ikkje er involvert i det og så lenge ikkje dei viktige geologiske fenomena er trua.

Når ein Geopark søker om UNESCO Globale Geopark-status må alle desse krava dokumenterast. Å bli ein UNESCO Global Geopark er i følgje NGU «ein lang og krevjande søknads- og evalueringsprosess»¹⁰. Første skrittet er å etablere ein Geopark, andre skrittet er å skrive søknaden og bli evaluert av UNESCO.

Statusen som UNESCO Global Geopark vert gitt for 4 år, så følgjar ein ny evalueringsprosess som avgjer om Geoparken får behalde statusen eller ikkje. Det betyr at kvar fjerde år må ein UNESCO Global Geopark bruke betydelege ressursar på å dokumentere at ein fortsatt oppfyller UNESCO sine kriteria.

Det er UNESCO sitt ønske at søknadsprosessen blir koordinert og støtta av den nasjonale Geoparkkomiteén – i tilfelle det finnast eit slikt organ i eit land. I Noreg har den «norske komiteen for geoparkar og geoarv» fått denne oppgåven i 2017. Komiteen består av ekspertar frå det geologiske fagmiljøet og representantar for dei to norske UNESCO Globale Geoparkane.¹¹

¹⁰ NGU-brosjyre: <http://www.ngu.no/nyheter/ny-brosjyre-om-geoparker>

¹¹ Nærings- og Fiskeridepartementet har gitt oppdrag til Noregs geologiske undersøkelse (NGU) om å danne eit slikt nasjonalt komité. I tillegg til NGU og dei to norske UNESCO Geoparkane er med i komiteen: Norsk Geologisk Foreining NGF, Norsk institutt for naturforskning NINA, Naturhistorisk museum i Oslo og Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet på Ås.



Gea Norvegica UNSECO Global Geopark i Telemark/Vestfold: Den geologiske tidsaksa markert med steinstøtter på geolokaliteten Kjærra Fossepark. Foto: Per Storemyr

Korleis er situasjonen for Geoparkar i Noreg og i utlandet?

I motsetning til andre land er Geopark-konseptet enda ikkje så kjent i Noreg. Det eksisterer to Geoparkar som begge har fått tildelt UNESCO-status: Gea Norvegica Geopark i Vestfold/Telemark og Magma Geopark i Rogaland/Vest-Agder. Ein tredje Geopark (Trollfjell Geopark på Helgelandskysten) er for tida i ein prosess med å oppnå statusen. Dessutan finst det fleire regionar i Noreg som er i gong med å utgreie ei Geoparksatsing.¹²

UNESCO ønskjer at alle land har ein nasjonal komité som m.a. koordinerer og kvalitetssikrar UNESCO-søknader om Geopark. I Noreg skal «Norsk komité for geoparkar og geoarv» inneha denne funksjonen (sjå førre side). For tida blir det utarbeidd kriterium og rammar for ein norsk Geopark-standard som er litt mindre omfattande enn UNESCO sine krav. Dette skal gjere det enklare for ein region å etablere ein Geopark skrittvis: Først søker Geoparken om godkjenning på nasjonalt nivå, så kan ein ta skrittet vidare med å jobbe for UNESCO-godkjenning.

Den norske staten støtter fram til no ingen Geoparkar økonomisk, men målet til dei norske Geoparkane er å få til ei statleg støtteordning så snart som råd.

Generelt kan det oppsummerast med at samanlikna med fleire andre land så er Geopark-konseptet i Noreg enno i ein pionérfase. Begge dei eksisterande Geoparkane meiner at det ville bety eit løft for Geopark-situasjonen i Noreg viss det kjem 2 – 3 fleire norske Geoparkar. Då ville konseptet «Geopark» bli betre kjent og synleg og gi Geoparkane meir styrke i forhandlingar med det offentlege.

Dei to eksisterande UNESCO Global Geoparkane i Noreg

Gea Norvegica Geopark (geoparken.no)

Dette er Geopark-pioneren i Noreg som blei etablert som interkommunalt selskap i 2004 og opptatt i det globale geoparknettverket (GGN) i 2006. Drivkrafta bak etableringa av Geoparken var regiongeologen¹³ Sven Dahlgren som så potensialet med regionens spesielle geologiske arv og som klarte å begeistre dei politiske aktørane i fylkeskommunane (Telemark og Vestfold) og kommunane for Geopark-ideen.

Organisasjon: Interkommunalt selskap (IKT) som er eigd av fylkeskommunane Telemark og Vestfold pluss dei åtte kommunane Bamble, Kragerø, Lardal, Larvik, Nome, Porsgrunn, Siljan og Skien.

¹² Sjå NGUs brosjyre om norske Geoparkar: <http://www.ngu.no/nyheter/ny-brosjyre-om-geoparker>. Blant dei geografisk nærmaste initiativ til Geopark kan ein nemne Sunnhordland Geopark (Bømlo) og Jostedalsbreen Geopark i Stryn kommune (i regi av Jostedalsbreen nasjonalparksenter).

¹³ Regiongeologen er i ei rådgjevarstilling for fylkeskommunane Telemark, Vestfold og Buskerud.



Steinutstilling på Mølen i Larvik, ein geolokalitet i Gea Norvegica. Foto: Arnstein Rønning

Driftsbudsjett:	Per 2018 kjem det 4,23 mill. kroner i driftsmidlar frå eigarane. Budsjett er på 4,9 mill. kroner.
Finansiering:	Hovudbidragsytar er fylkeskommunane. Kommunane har ein fast eigardel med fast bidrag, berekna etter innbyggjartal ved selskapets oppstart (5,- kr. per innbyggjar). Dessutan held Geoparken på med ulike geoparkrelaterte prosjekt som blir eksternt finansiert.
Tilsette:	4 stillingar (to geologar, ein medarbeidar for økonomi/administrasjon og ein grafisk designar som jobbar 40%). 0,6 stillingar haldast for tida ledig.
Areal Geopark:	3000 km ²
Innbyggjarar:	Ca. 170 000
Tilbod:	-Geopark informasjonssenter med kontorfasilitetar i Porsgrunn (den gamle porselensfabrikken). Senteret er opent heile året og bemanna med dei tilsette i Geoparken som har sine kontor i senteret. Senteret

inneheld ei heilt ny interaktiv geologiutstilling. Besøket er gratis.

-Geolokalitetar ute i landskapet: I alle dei åtte kommunane finst det ulike geolokalitetar. Ein lokalitet består vanlegvis av eit lett tilgjengeleg område (gjerne universelt utforma) der ein kan sjå spesielt interessante geologiske fenomen og/eller kulturhistoriske spor. Lokaliteten kan ha ei eller fleire tavler, ein sti med tavler undervegs eller ei utstilling eller installasjon med ulike bergartar. Lokalitetane er stort sett utrusta med parkering og toalett. Nokon lokalitetar er også utan skilting, skildra via nett og/eller tur-appar.

-Brosjyrar/app/webisode osv.: Geoparken tilbyr omfattande informasjon via websida, ei stor mengd brosjyrar både på norsk, engelsk og tysk (som alle også kan lastast ned frå nettet) og ein app. For barn blei «steinfamilien» utvikla: Kvar bergart har fått ein personlegdom med namn og eigenskapar.

-Omvisingar for grupper og skular ute i landskapet

-Arrangement: I 2017 organiserte Geoparken 14 guida turar som var open for alle¹⁴, og ulike foredragskveldar (stort sett gratis).

Guidane: Geoparken har bygga opp ei gruppe med guidar som ikkje er geologar men personar med god kultur- og naturhistorisk kunnskap. Ein guide må kunne fortelje om geologi, lokal- og industrihistorie, dyre- og planteliv. Geoparken gir opplæring og førstehjelpskurs.

Lokalt samarbeid: Ein viktig samarbeidspartnar er **destinasjonsselskapa** i regionen. Geoparken opplever at samarbeidet fungerer bra og at destinasjonsselskapa er flinke til å marknadsføre Geoparken overfor turistane.¹⁵ Geoparken inngår avtalar med ulike lokale aktørar som dei samarbeider med gjennom arrangement og gruppebesøk. Dette er overnattings- og matserveringsstader, lokalmatprodusentar, aktivitetsparkar, kulturhistoriske formidlingsstader osv. Begge anbefaler kvarandre slik at det oppstår ein vinn-vinn-situasjon. Elles er Geoparken godt forankra i kommunane og i fylkeskommunane gjennom sin organisasjonsform som IKS. Det er viktig å nemne at fleire andre kommunar er interesserte i å bli medlemmer i Geoparken.

Vurdering

Gea Norvegica er ein Geopark som fungerer veldig bra takka vere støtta frå fylkeskommunane og kommunane. Som dagleg leiar Kristin Rangnes seier så kan dei med 3,4 stillingar ta vare på alle viktige oppgåver ein UNESCO Global Geopark er forplikta til. Det er oppretta mange geolokalitetar og

¹⁴ På arrangementa i 2016 deltok det totalt 900 personer.

¹⁵ På Visit Grenland (destinasjonsselskapet for Skien, Porsgrunn, Bamble og Siljan) si webside er Gea Norvegica blant dei topp 5 opplevingane i regionen.

eit geoparksenter, samstundes som Geoparken står for mange arrangement og tilbod til publikum og skular/grupper.

I motsetning til HAFS-regionen er Gea Norvegica lokalisert i ein region med mykje befolkning og industri, med eit godt utbygd vegnett, god infrastruktur for turistar med mange overnattings- og serveringsstader. Regionen har ikkje mange «klassiske» turistmål, men mange turistar reiser gjennom og då gjeld det å få stoppa den reisande med attraktive opplevingstilbod. Geoparken si rolle er å bidra til dette og å samarbeide med dei andre reiselivsaktørane. Det seier seg sjølv at ein Geopark i eit meir urbant område med god infrastruktur – slik som Gea Norvegica – får ei anna rolle når det gjeld samfunnsutvikling enn ein Geopark i ein region med få innbyggjarar og lite reiseliv. Til tross for det så er oppgåvene til ein Geopark dei same og det viktige er at Geoparken bidrar til samfunnsutviklinga ut frå dei premissane ein finn i regionen.

Magma Geopark (mamageopark.com)

Den andre UNESCO Global Geopark i Noreg blei etablert i 2009 (medlem i det globale Geoparknettverket sidan 2010). Hovuddrivkrafta i Geoparken var og er geologen Pål Thjømøe som er dagleg leiar.

Organisasjon: Nonprofit aksjeselskap (etablert i 2009)
Aksjane er eigd av Rogaland (40%) og Vest-Agder (15%) fylkeskommunar og av kommunane Bjerkreim, Lund, Eigersund og Sokndal (til saman 42%). 3% av aksjane er eigd av 13 private eigarar (t.d. hotellar).

Driftsbudsjett: Ca. 1,8 mill. kroner

Finansiering: Magma Geopark får årlege bidrag frå:
-Rogaland fylkeskommune: 500 000,-
-Vest-Agder fylkeskommune: 110 000,-
-Eigersund kommune: 200 000,-
-Dei 4 andre kommunane: kvar 50 000,-

Eigen inntening gjennom omvisingar osv.: ca. 100 000,
Sponsorinntekter: ca. 100 000,-

Dessutan får Magma Geopark gjennom ulike prosjekt 1,5 – 2 mill. i auka inntekter per år. Likevel hender det at det oppstår underskot som fram til no blei dekkja med aksjekapitalen. Denne var opphavleg på 3,5 mill., men har blitt redusert til halvparten.

Tilsette: 2,5 stillingar: dagleg leiar (100%-stilling), fleire deltidstilsette som jobbar som prosjektleiarar/-medarbeidarar eller som guidar. Før 2017 hadde Magma Geopark 1,8 stillingar men klarte frå 2017 å auke til 2,5. Det er uvisst om dette kan fortsette i det lange løpet.



Dagleg leiar i Magma Geopark Pål Thjømøe på gruppeomvising i Geoparken.

Kjelde: <http://magma-geopark.no/magma-geopark-guidekurs/>

Areal Geopark: 2330 km²

Innbyggjarar: Ca. 32 000

Tilbod:

- Geoparken har kontor i Egersund og opna nytt **besøkscenter** i november 2017. Om nokon få år skal Geoparksenteret flyttast til Jøssingfjorden der det byggast eit stort nytt museumsbygg¹⁶.
- Geolokalitetar ute i landskapet:** Totalt er det etablert 13 «geosites» på liknande måte som i Gea Norvegica.
- Brosjyrar/app/webside osv.:** Geoparken tilbyr omfattande informasjon via websida, ei stor mengde brosjyrar både på norsk og engelsk (som alle kan lastast ned via web) og ein Geopark-app. Spesielt for turistar finst det mange brosjyrar med løyper/ruter både for å vandre og sykle.
- Omvisingar for grupper og skular** ute i landskapet
- Utvikling av produkt gjennom prosjekt:** Geoparken er involvert i fleire internasjonale prosjekt for å utvikle lokale produkt som t.d. GEOfood (promotering av lokalmat gjennom Geoparken, www.geofood.no),

¹⁶ Eigar av bygget er Dalane Folkemuseum og hovudformålet er å innkvartere Jøssingfjord Vitenmuseum.

Virtual-reality-tilbod (oppleve geologiske hendingar gjennom 3D-briller osv., www.geovr.no) og ein app til bruk i undervising.

Guidane: Geoparken utdannar ein del guidar, men brukar dei ikkje så ofte. Dei fleste omvisingane gjennomfører dei tilsette pluss to geologi-studentar som har jobba for Geoparken i nokon år.

Lokalt samarbeid: Magma Geopark har blitt ein viktig motor for reiselivet i regionen og fungerer i praksis som eit destinasjonsselskap. Nærmaste destinasjonsselskap er Region Stavanger som Geoparken samarbeider tett med. Geoparken er i Rogalands reiselivsstrategi definert som eit fyrtårn for perioden 2013 – 2020. Viss nokon startar opp eit reiselivsprosjekt så er det eit krav frå fylkeskommunen at Geoparken er partner i prosjektet. Dessutan har Geoparken vunne reiselivsprisen 2015 i Rogaland. Samarbeidet med lokale reiselivspartnarar går veldig bra og begge opplever situasjonen som vinn-vinn. Det som er ei større utfordring er forankringa av Geoparken i lokalsamfunnet elles. I følgje dagleg leiar Pål Thjømøe er det nok mange innbyggjarar som ikkje heilt har forstått kva Geoparken er og skal vera.

Vurdering

Magma Geopark har færre ressursar enn Gea Norvegica og slit i kvardagen med det. Halvparten av den opphavlege aksjekapitalen er brukt opp for å dekke dei årlege underskot. Ein einaste person gjer den største delen av jobben, dessutan går mykje tid med på å skrive prosjektsøknader og følgje opp prosjekt.

Samtidig er det ingen tvil om at Geoparken i løpet av åra har oppnådd mykje og oppfyller dei fleste krava til ein UNESCO Global Geopark. Geoparken har etablert seg som ein viktig reiselivsaktør som i praksis fungerer som destinasjonsselskap.¹⁷ I motsetning til Gea Norvegica ligg Magma Geopark i ein mykje mindre folketett region der oppbygging av reiselivet er eit viktig mål – noko som blir spegla i reiselivsplanen for Rogaland fylke der Magma Geopark blir definert som fyrtårn.

Til tross for at Magma Geopark har oppnådd mykje så er det nokon punkt som UNESCO meiner må på plass før Geoparken kan få fornya sin status ved neste inspeksjon: Det viktigaste tiltaket er å få på plass eit besøkscenter (som skal opprettast i Jøssingfjorden), så må utdanningsprogrammet for skular forbeistrast. Lokalmat og andre produkt var for lite promotert tidlegare og må gjerast noko med, og så kravde UNESCO meir data om reiselivet og om den regionale økonomiske utviklinga.

¹⁷ Det er ikkje lett å «bevise» Geoparkens positive verknad på reiselivet. Overnattingstala for regionen ligg på 70 – 80 000 per år og har ikkje auka særleg etter at Geoparken kom inni bilete. Det spørst kor godt eigna overnattingstal generelt er som indikator for reiselivet fordi registrering av overnattingar ikkje skjer systematisk og omfattande (t.d. mindre overnattingsstader som hytter, airbnb osv. melder dette på frivillig basis).



Holet Torghatten: Ein viktig del av Trollfjell Geopark. Foto: Per Storemyr

Trollfjell Geopark: UNESCO Global Geopark under etablering (trollfjellgeopark.no)

Trollfjell Geopark ligg på Helgelandskysten (Nordland og Nord-Trøndelag fylkeskommune) og har sendt inn søknad til UNESCO for å få UGG-status. Trollfjell fekk ikkje status i første omgang men må forbetre nokon punkt, m.a. trengst det eit besøkssenter der tilreisande kan få informasjon om Geoparken. Besøkssenteret skal no samkøyrast med turistinformasjonen i Brønnøysund.

Elles har Trollfjell vald å drive Geoparken via eit interkommunalt Friluftsråd som blei etablert til dette formålet. Grunnen til dette er at Geoparkar og Friluftsråda i stor grad har liknande oppgåver og at Friluftsråd er ein organisasjonsform som er godt kjent og får offentleg støtte.

Med 10 000 km² er Trollfjell Geopark mykje større enn dei to andre Geoparkane – noko som betyr store utfordringar i samband med vedlikehald, avstandar osv.

Vega kommune, som er ein del av Geoparken, har hatt status som UNESCO-verdsarv sidan 2004 og utvikla seg deretter til eit internasjonalt kjent og godt besøkt reiselivsmål. UNESCO-Geopark-status skal brukast på same måte til å auke reiselivet i alle involverte kommunar.

UNESCO Globale Geoparkar i utlandet

I Skandinavia eksisterer det få UNESCO Globale Geoparkar: 2 i Noreg, 1 i Finland, 1 i Danmark og ingen i Sverige. Elles i Europa er situasjonen annleis:

Storbritannia:	6	(pluss «Marble Arch Geopark» som både er i Irland og Nord-Irland)
Irland:	2	(pluss «Marble Arch Geopark» som både er i Irland og Nord-Irland)
Tyskland:	5	(pluss «Muskauer Faltenbogen» som både er i Tyskland og Polen)
Frankrike:	6	
Italia:	10	
Spania:	11	

Dessutan har nokre av landa fleire Geoparkar som ikkje har UNESCO-status.

Generelt kan ein gå ut frå at konseptet Geopark er mykje betre kjent i desse landa enn i Skandinavia. I denne samanhengen er det viktig å hugse på at mange turistar som reiser til Noreg kjem frå akkurat desse land og at dei med større sannsyn kjenner til Geoparkar enn nordmenn gjer.

Her skal det presenterast eit lite oversyn over situasjonen til Geoparkar i Tyskland pluss eit eksempel frå Irland som vi besøkte sommaren 2017.

Geoparkar i Tyskland

I Tyskland kan ein nesten snakke om ein Geopark-Boom: Det finst 16 nasjonale Geoparkar (6 av dei har UNESCO-status) og enda 6 Geoparkar har planar om å søkje om nasjonal godkjenning. Den første Geoparken i verda – Vulkaneifel – blei oppretta i Tyskland. Det nasjonale godkjenningssystemet blei oppretta i 2004, kort tid etter at det europeiske Geoparknettverket blei grunnlagt. Dette for å gje Geoparkar ei klar ramme og for å fremje konseptet. Godkjenninga skjer via «GeoUnion Alfred Wegener-stiftinga», eit forbund av 36 geovitskaplege organisasjonar og institusjonar i Tyskland. Krava til Geoparkane er i stor grad dei same som for ein UNESCO Global Geopark men utan at den geologiske arven må vere av internasjonal betydning. Geopark-godkjenninga er gyldig i 5 år og blir tildelt på nytt viss Geoparken klarar seg i revalideringsprosessen.

Dagleg leiar Andreas Schüller i Geopark Vulkaneifel beskriv situasjonen til Geoparkane i Tyskland slik:¹⁸ Som i Noreg så finst heller ikkje i Tyskland noka lovgjeving som gjer at Geoparkane kan få økonomisk støtte frå staten. Men ein annan kategori parkar kan få statleg støtte: naturparkane. Mange Geoparkar er både Natur- og Geopark og vert til ein viss grad finansierte gjennom denne kanalen. Elles er det fyrst og fremst kommunane som på frivillig basis for ein stor del finansierer Geoparkane. I tillegg held mange Geoparkar på med EU-støtta program – noko som i dei siste åra har blitt meir og meir krevjande. Finansieringa i dei fleste Geoparkane står på forholdsvis trygge bein og

¹⁸ Telefonsamtale 9.11.2017

avhengig av dei økonomiske ressursane, oppgåvene og storleiken til Geoparken, varierer talet på (fulltids)tilsette mellom 2 og 20. Vulkaneifel har i dag 5 fulle stillingar.

Geopark Vulkaneifel har eksistert i mange år og er i følgje Andreas Schüller godt kjent og forankra i befolkninga. Han meiner at Geoparken har bidrege mykje til å styrke identiteten i lokalsamfunnet og skape stoltheit over staden og landskapet – i ein typisk truga industriregion som var basert mykje på mineralutvinning og steinbrot. I reiselivssamanheng så betyr nok ein UNESCO-label mykje meir enn «Geopark»-label fordi UNESCO er eit av dei mest positive merkevarene i verda.

Burren and Cliffs of Moher Geopark i Irland (burrengeopark.ie)

Kva møter ein turist som reiser til ein Geopark? For å gi svar på dette spørsmålet har vi på turistvis besøkt to Geoparkar i Irland som er godt etablert og kjent. I Marble Arch Caves UNESCO Global Geopark var vi mest interesserte i det fine besøksenteret. Under skal den andre presenterast i meir detalj: Burren and Cliffs of Moher UNESCO Global Geopark i Vestirland, der vi oppheldt oss ei heil veke og besøkte mange Geopark-attraksjonar.

Geoparken blei grunnlagt i 2011 av County Clare Council (Clare fylkeskommune), Geological Survey of Ireland (Den irske geologiske undersøkinga) og Failte Ireland, den nasjonale reiselivsinstansen som skal fremme turismen i Irland. Det er desse tre offentlege institusjonane som er berebjelegane til Geoparken også i dag. Geoparken har 6 tilsette og jobbar i følgje nettsidene veldig prosjekterelatert (EU-støtte-program).

Som turist startar opplevinga med ei veldig god heimesida som kommuniserer Geoparken sitt samfunnsoppdrag allereie på startside. Logoen er leikande og bruker slagorda: **People, Place, Learning, Livelihood**. Dei tre viktigaste kategoriane på websida er «**Discover and Experience**», «**Learn and Engage**» og «**Community and Business**». Som turist er ein interessert i å utforske, oppleve og lære og her kan ein velje mellom mange tilbod: Geoparken fletter saman alt frå geologi, botanikk, fugle- og dyreliv, kultur (frå dei eldste spora til musikkfestivalar i dag) som ein kan utforske gjennom vandring, sykling, kajakk, offentlig transport eller med bil.

Berekraftig turisme er eit heilt sentralt mål sidan regionen er blant dei mest besøkte i heile Irland. Cliffs of Moher som ligg midt i Geoparken er verdskjent og trakk i 2016 meir enn 1,4 mill. besøkjande. I samarbeid med Burren Ecotourism Network utviklar Geoparken ein «Geopark Code of Practice for Sustainable Tourism» for alle type firma (ikkje berre reiselivsorienterte). Alle som ønskjer å bli medlem i nettverket må oppfylle kriteria og kan få støtte og opplæring av Geoparken.

Det som skil denne Geoparken frå ein eventuell Geopark i HAFS er at regionen allereie før opprettinga av Geoparken var godt besøkt, har attraksjonar som dei berømte Cliffs of Moher og karsthøler, samt mange overnattings- og matserveringsstader. For ein slik region blir Geoparken eit viktig verktøy til å forvalte naturen og kulturen på ein berekraftig måte og knytte dei lokale entreprenørar og aktørar saman på ein god måte.



Ikoniske Cliffs of Moher er den store attraksjonen i Burren Geopark: Foto: Per Storemyr



Typisk landskap i Burren Geopark: aude kalksteinsheiar og steingjerdar. Foto: Per Storemyr



Besøksenteret i Marble Arch Geopark med utstilling. Foto: Per Storemyr



Utstilling i eit ope bygg midt i landskapet i Marble Arch Geopark. Foto: Per Storemyr



Gygrekjeften på Lihesten. Også eit ikon i ein HAFS-Geopark. Foto: Per Storemyr

Kvalifiserer HAFS-regionen til UNESCO Global Geopark og kor vil grensene til ein Geopark gå?

HAFS-regionen omfattar dei fire kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. Tek ein med Gulen utgjer dei til saman eit areal på 1827,1 km² med ca. 10 530 innbyggjarar. For at HAFS-regionen kan bli ein UNESCO Global Geopark er den viktigaste føresetnaden at regionen rår over eit landskap som er av «internasjonal geologisk betyding».

Faginstitusjonar i Noreg som har kompetanse til å uttale seg om den geologiske betydinga til ein region er m.a. Norges geologiske undersøkelse (NGU) i Trondheim. NGU har også ei sentral rolle i den «norske komiteen for geoparkar og geoarv» og er dermed ein viktig samarbeidspartnar for alle regionar som planlegg ein Geopark. NGU har vore prosjektpartnar i HAFS-geologiprojektet¹⁹ som Regionrådet var med å finansiere og har utgitt ei brosjyre om UNESCO Globale Geoparkar der HAFS-området/Ytre Sogn blir nemnt som ein mogleg kandidat for ein Geopark.

NGU har skrive eit utsegn der dei meiner at HAFS-regionen oppfyll kravet om «internasjonal geologisk betyding».²⁰ Det som utmerkar HAFS-regionen er at ein her spesielt godt kan studere ei stor fjellkjede si vekst og fall.²¹ HAFS-området er godt kjent i fagmiljøet for akkurat dette og får jamleg besøk frå geologar og studentar frå heile verda som vil studere fenomenet.

Også Høgskulen på Vestlandet, faggruppe geologi, har sendt eit skriv og bekreftar den geologiske betydinga til HAFS-regionen. Dei gir dessutan uttrykk for si interesse for å bidra til oppbygginga av ein UNESCO Global Geopark.²²

Når UNESCO bedømmer den internasjonale betydinga til ein Geopark blir også den geologiske forskingshistoria tatt med i vurderinga og her kan HAFS-regionen vise til fleire spennande aspekt. Det absolutt viktigaste er at det første «skikkelege» geologiske kartet i Noreg er laga over HAFS-området – teikna og publisert i 1825 av den tyske geologen Carl Friedrich Naumann.²³

Kor vil grensene til ein Geopark i HAFS gå?

Ein Geopark i HAFS må omfatte eit område som gjennom sin geologiske arv passar saman. Viss ein tar utgangspunkt i «ei fjellkjede si vekst og fall» så ville det vere viktig og naturleg at alle stader i HAFS-regionen som bidrar til å forstå denne forteljinga er med i Geoparken.

¹⁹ Tom Heldal (NGU) og Torbjørn Løland (Norsk Kvernsteinsenter): Geologien som verdiskapar. Sluttrapport for HAFS-prosjektet (2015).

²⁰ Sjå vedlegg 1

²¹ For å vite meir om den spesielle geologiske arven visast til sluttrapporten i Geologiprojektet.

²² Sjå vedlegg 2

²³ Tom Heldal: Geologien i HAFS. En illustrert veileder. (Ikkje publisert manus). Eit kapittel handlar om forskingshistoria i HAFS.

Tabellen under gir oversikt over kapitla i forteljninga og i kva kommune ein kan sjå spor av det:

PERIODE	KVA SKJEDDE	KOMMUNAR
Ur-tida	Urgamle kontinent som sprakk opp for 800 millionar år sidan, ur-Atlanteren blei danna og kontinenta driv frå kvarandre.	Fjaler, Hyllestad, Gulen
Kambrium-Ordovicium	Ur-Atlanteren krympar, kontinenta driver mot kvarandre. Vulkanar på havbotnen.	Askvoll, Solund
Silur	Ur-Atlanteren vert lukka, to kontinent kolliderer og dannar ei fjellkjede. Det eine kontinentet blir pressa djupt under det andre.	Askvoll, Fjaler, Hyllestad
Devon	Den høge fjellkjeda kollapsar under si eiga vekt, glir frå kvarandre langs digre glideplan, erosjonen dannar enorme mengder stein, grus og sand (konglomerat).	Alle
Nytid	Isen bruker dei gamle spora etter fjellkjeda og meislar ut eit nytt landskap.	Alle

*Hovudtrekk i den geologiske utviklinga. **Feit skrift** = element/prosessar der det kan argumenterast for global betyding for kvalifisering til UNESCO (Kjelde: Tom Heldal, NGU)*

Eit neste krav frå UNESCO er at Geoparken må henge i hop og ikkje kan bestå av eit eller fleire isolerte område.



Når ein tar alt dette i betraktning så vil ein **maksimalvariant** av ein HAFS-Geopark bestå av kommunane **Askvoll, Hyllestad, Fjaler, Solund, Gulen – og den vestlegaste delen av Gaular (Kvamshesten)**. Ein **minstevariant** vil bestå av **Askvoll, Hyllestad, Fjaler og Solund**.

Ein Geopark kan i prinsippet utvidast på eit seinare tidspunkt men dette medfører ein større byråkratisk innsats fordi heile Geoparken då blir vurdert på nytt.

Grensene til ein Geopark treng ikkje falle saman med kommunegrensene men i praksis plar dei ofte å gjere det. Alle dei tre norske Geoparkar nyttar kommunale grenser som geografisk avgrensing. I HAFS-regionen kan ein tenkje seg å ha med alle HAFS-kommunane, pluss Gulen og Kvamshesten som ligg i Gaular kommune (som skal slå seg saman med Førde, Naustdal og Jølster om kort tid). Det å ha med heile Gaular kommune vil geologisk sett vere lite hensiktsmessig fordi resten av kommunen ikkje er ein del av forteljninga om fjellkjedas vekst og fall.²⁴


Begge dei to eksisterande UNESCO Global Geoparkane i Noreg tilrår at ein **Geopark ikkje bør vere «for stor»**. HAFS-regionen med sine fem kommunar (1830 km²) er mindre enn Gea Norvegica (3000

²⁴ Trollfjell Geopark blei under søknadsprosessen spurd av UNESCO kvifor det er med store område som ikkje passar inn i Geoparken. Desse områda blei med fordi ein definerte Geoparken langs kommunale grenser (Tom Heldal, pers. komm.)



Noregs eldste og eit av verdas eldste geologiske kart frå 1825 viser HAFS-området. Det er eit godt kart som har dei fleste hovudstrukturar på plass. Teikna av Carl Friedrich Naumann frå Tyskland.

Samanlikn med det nyaste kartet laga av Tom Haldal



«Maksimalvarianten» for ein mogleg HAFS-Geopark: Askvoll, ein liten del av Gaular, Fjaler, Hyllestad og Gulen. Bakgrunnskart: www.norgeskart.no

km²), Magma Geopark (2330 km²) og Trollfjell Geopark (10 000 km²) – noko som leiarane i dei norske Geoparkane meiner vil vere ein fordel. Eit viktig mål med ein UNESCO Global Geopark er m.a. å utvikle samfunnet og skape stoltheit og identifikasjon med landskapet og Geoparken. Dette vil vere enklare å oppnå viss ein region er av overkomeleg storleik og kanskje allereie har ein felles identitet frå før av.

I og med at HAFS-kommunane har samarbeidd mykje med kvarandre og befolkninga deler ei felles historie og identitet som er prega av livet langs kysten, ville det vere naturleg å tenkje seg ein Geopark som i hovudsak består av desse kommunane og Gulen.



HAFS er ein utkantregion med Atlanterhavet som næraste nabo. Berte og Hansine på Bulandet. Dei redde liv på sjøen. Skulpturane er laga av Ingun Dahlin, på støtter av lokal breksje/konglomerat. Foto: Per Storemyr

Kva kan ein forvente seg av positive effektar av ein UNESCO Global Geopark?

Etableringa av ein UNESCO Global Geopark er ein moglegheit for alle regionar som rår over ein internasjonal framifrå geologisk arv. Spesielt interessant er Geoparkkonseptet for regionar som ligg i ein utkant, slit med å oppretthalde innbyggjartal og arbeidsplassar og som ønskjer å utvikle seg som berekraftige reisemål. Då er satsinga på ein UNESCO Global Geopark ein spennande og unik moglegheit til å jobbe mot desse måla. Geoparken er verktøyet som måla blir realisert med og som gir ei klart definert ramme for korleis dette skal gjerast.

Dessutan kan regionen marknadsføre seg med hjelp av merkevara «UNESCO» som er eit av dei mest positive varemerka i heile verda og det mest prestisjefulle for ein reiselivsdestinasjon. Eit medlem i den tyske UNESCO-kommisjonen seier om merket:

UNESCO-merket har ein verdsomspennande uomstridd marknadsverdi som betalar seg for reiselivet – både ideelt og økonomisk. [...] UNESCO-statusen fører ikkje berre til fleire besøkande men tiltrekkjer gjestar frå veldig fjerne regionar i verda.²⁵

I sitatet dreier det seg om UNESCO verdsarvstader men også for UNESCO Globale Geoparkar kan ein forvente at UNESCO-merket er av stor betydning. Ein Geopark utan «UNESCO»-varemerket vil ikkje gi dei same effektane som ein Geopark med UNESCO-sertifisering. Verdien i varemerket ligg i den etiske truverdighetta og den faglege kompetansen UNESCO står for. Varemerke UNESCO er eit kvalitetsstempel som er internasjonalt kjent og i mange land står UNESCO-verdsarvstadene i spissen for å reklamere for dei aktuelle landa sitt reiseliv.²⁶

Styrking og utvikling av lokalsamfunnet

Ein berebjelke i UNESCO Global Geopark-konseptet er at det må vere danna bottom-up, – det vil seie godt forankra, styrt og støtta i lokalsamfunnet. Utviklinga av lokalsamfunnet står heilt øvst, det er dei som bur i Geoparkens region som skal dra nytte av verdiskapinga. Korleis bidrar ein UGG til denne utviklinga?

- **Auka stoltheit over «vår» region gjennom UNESCO-merket.**

Mange UNESCO Globale Geoparkar (men også verdsarvstader og biosfæreservat) ligg i utkantområde som er prega av fråflytting, negative utviklingstrendar og få framtidsperspektiv. Ein viktig føresetnad for positiv samfunnsutvikling og vekst er at regionen ikkje står fram som «tapar» men at befolkninga har trua på staden sin og er stolte av det dei har. UNESCO-merket kan bidra mykje til å snu ein negativ trend, opne auga både til

²⁵ Dieter Offenhäusser, vara-generalsekretær i den tyske UNESCO-kommisjonen, juni 2012

<https://www.unesco.de/kultur/2012/uho-0612-interview-welterbe.html>

²⁶ Då ordninga for UNESCO Globale Geoparkar i 2015 blei innført av UNESCO, ga det tyske «forum for Globale Geoparkar» i oppdrag eit prosjekt for å vite kva UNESCO-merket ville bety for Geoparkane i Tyskland. Til tross for at rapporten er retta mot tyske Geoparkar, så står det mykje generelt om effektane til UNESCO-merket som kan overførast til norske forhold: Project M GmbH (2015): UNESCO-Label für Globale Geoparks in Deutschland (pdf). <http://www.geopark-terravita.de/de/downloads>

lokalsamfunnet og potensielle tilflyttarar så dei ser at regionen byr på heilt unike skattar som ein kan bruke til verdiskaping. Undersøkingar frå eit biosfæreservat og ein verdsarvstad i Tyskland stadfester at befolkninga etter det første året med UNESCO-merket, kjende ein mykje større tilknytning og identitet til regionen sin.²⁷ Eit godt positivt eksempel frå Noreg er Vega som fekk verdsarvstatus i 2004 (Vega blir meir omtala lengre nede).

- **Betre omdømme for regionen og større offentlig interesse gjennom UNESCO-merket.**
For alle regionar er det viktig å skape eit positivt omdømme for å tiltrekke firma, tilflyttarar og turistar. Viss ein region har klart å etablere ein UNESCO Global Geopark og er komme gjennom UNESCO sitt smale nålauge, er dette eit svært betydingsfullt kvalitetsstempel som beviser at regionen har noko heilt spesielt å by på. Dessutan viser det at regionen har tru på seg sjølv (elles ville ein ikkje ha våga den langvarige etablerings- og søknadsprosessen). UNESCO-merket kan no brukast i marknadsføringa av regionen på alle plan og bidrar til eit positivt omdømme i media og verda rundt. Frå verdsarvstader veit ein at jo meir ukjent ein stad har vore, jo meir betydingsfullt er UNESCO-merket. Ein ukjent destinasjon profitterer i mykje større grad av merket enn eit reisemål som er godt kjent frå før. Sidan HAFS-området er lite kjent i reiselivssamanheng kan ein derfor forvente at merket fører til ein positiv effekt for reiselivet.

Det sentrale er at marknadsføringa blir gjort på ein profesjonell og omfattande måte og at ein oppfyller det som ein lover. Ein stad med UNESCO-status vekker større forventningar enn stader utan og det er avgjerande for omdømmet at kvaliteten av tilboda held mål.

- **Organisasjonen til ein UNESCO Global Geopark er ein profesjonell samfunnsutviklar.**
Føresetnaden for ein fungerande UNESCO Global Geopark er at det blir oppretta ein profesjonell Geopark-organisasjon med topp fagleg kunnskap om den regionale natur- og kulturarven, om korleis denne arven blir forvalta og formidla for ulike målgrupper og om reiselivs- og samfunnsutvikling generelt. Er Geoparken si forvaltning utrusta med slik kunnskap så kan den bli til ein sentral motor innanfor den regionale utviklinga. UNESCO-merket er den raude tråden som knyt alle aktørar saman og som motiverer til samarbeid og utvikling av felles prosjekt på eit overordna nivå.
- **Regionen profitterer frå UNESCO-Geopark-nettverket.**
UNESCO Globale Geoparkar møtast regelmessig, etablerer partnerskap og samarbeid, lærar frå kvarandre. Dette blir ein viktig kjelde for kunnskap og utvikling som ein region kan nytte godt av. Dessutan kan ein UNESCO Global Geopark samarbeide med andre berarar av UNESCO-merket som verdsarvstadene. Sogn og Fjordane har allereie to UNESCO-stader, Bergen har ein. Dette kan utnyttast i reiselivssamanheng (felles marknadsføring).
- **UNESCO-status gjer det lettare å få tak i økonomiske midlar.**
Å få status som UNESCO Global Geopark medfører ingen automatiske midlar i Noreg. Men statusen kan gjere det ein del lettare å skaffe offentlege og private midlar fordi UNESCO-merket har så høg verdi og garanterer for kvaliteten i ein søknad. Frå Tyskland er det kjent at verdsarvstader og biosfæreservat i høg grad profitterer av UNESCO-statusen, ikkje minst gjennom sponsor-avtalar med firma som er interessert i å gi støtte for å få eit betre

²⁷ Sjå note 26.

omdømme. Samarbeidet mellom t.d. eit oppdrettsfirma og ein Geopark kan basere seg på at Geoparken støtter berekraftige tiltak i firmaet samtidig som firmaet støtter eit Geopark-prosjekt som går på berekraft. Når det gjeld prosjektmidlar via EU-program så har fleire Geoparkansvarlege uttala seg på same måte at det i dei siste åra har blitt meir og meir krevjande å delta i slike prosjekt og at gevinsten ikkje lengre er like høg som før.

Utvikling av regionen til eit attraktivt, berekraftig reisemål

Reiselivsnæringa i Noreg har auka kraftig i dei siste åra. Det er både norske og utanlandske turistar som brukar Noreg meir og meir som feriedestinasjon.²⁸ Det som turistane assosierer med Noreg er «fjord», «natur» og «fjell», og dei reisande – både norske og utanlandske – kjem først og fremst for å «oppleve naturen», «oppleve fjordane» og «oppleve fjella». Det vil seie at naturen er sjølve trekkplasteret for at turistane kjem og naturbaserte aktivitetar og opplevingar er blant dei mest etterspurde reiselivsprodukta.²⁹

Innovasjon Norge har peika ut reiselivsnæringa som eit av Noreg sitt viktigaste satsingsområde og definerer den nasjonale strategien for «merkevara Noreg»³⁰. Det er interessant å sjå at UNESCO tilrår dei same strategiane for Global Geoparks som Innovasjon Norge gjer for reiselivsutviklinga.

- **Ein UNESCO Global Geopark vil fremje det same som «merkevara Noreg»**
Innovasjon Norge har definert fire komponentar som utgjer «merkevara Noreg». Det er tilsvarande komponentar som står sentralt i konseptet til UNESCO Globale Geoparkar.

Merkevara Noreg er basert på	UNESCO Global Geopark
Spektakulær natur	Må rå over ein geologisk arv og eit landskap som er av internasjonal framifrå betydning
Naturbaserte aktivitetar	Ein UGG må tilby naturbaserte aktivitetar og legge til rette for å utforske naturen
Lokal kultur og historie	Ein UGG må tilby aktivitetar og legge til rette for å utforske kulturarven
Lokalproduserte råvarer og mat	Ein UGG skal fremme lokalproduserte råvarer og mat (gjerne omtala som «Geofood»)

²⁸ Interesse for å feriere i Noreg har i åra 2012 – 2016 auka med 22% hos nordmenn og med 52% hos personer i utlandet. Nordmenn utgjer 71% av turistane, utlendingar 29% (Innovasjon Norge: Nøkkeltal for norsk turisme i 2016).

²⁹ Peter Fredman (19.7.2017): Naturbasert reiseliv – en stadig viktigere del av bioøkonomien.

<https://forskning.no/blogg/turist-i-naturen/naturbasert-reiseliv-en-stadig-viktigere-del-av-biookonomien>

³⁰ Innovasjon Norge: Håndbok for reisemålsutvikling (pdf).

<http://www.innovasjon norge.no/no/reiseliv/Reisemalsutvikling/handbok-for-reisemalsutvikling/>

Sjå også: Nærings- og handelsdepartementet (2012): Destinasjon Norge. Nasjonal strategi for reiselivsnæringen.

Dømet Vega

I 2004 fekk Vegaøyane verdsarvstatus. I løpet av 10 år klarte kommunen, som har litt over 1200 innbyggjarar, å auke talet på turistar frå 5000 til 35 000, derav 30% frå utlandet.

Ein økonomisk ringverknadsanalyse frå 2012 viser at turistkonsumet ligg på 45 mill. kroner og saman med dei indirekte verknadene så bidrar reiselivet med 55 mill. per år. Rundt 50 personar er fulltids sysselsett i reiselivsrelaterte verksemdar.

Sesongen kunne utvidast med fleire månader til å vare frå april til oktober. Talet på overnattings- og matserveringsstader har auka, men slit med drive året rundt. Vega er sertifisert som «berekraftig reisemål» gjennom Innovasjon Norge.

Trass i at Vega fortsatt er i ein utviklingsprosess så er det imponerende å sjå kva som har blitt oppnådd av eit lite øysamfunn som for ikkje lenge sidan var nokså ukjent i reiselivssamanheng. Det er ingen tvil om at UNESCO-statusen var opptakten for denne bratte utviklinga.

Når det gjeld den «spektakulære naturen» så seier det seg sjølv at ein region som kvalifiserer til UNESCO Global Geopark har natur som er av heilt spesiell karakter. I HAFS-regionen står den geologiske arven fram med nokså spektakulære fjellformasjonar og landskap som Alden, Brurastakken³¹, Lihesten, Øyriket Solund, Værlandet-Bulandet osv. Det er mange plasser i Noreg med vakker og storslått natur, så konkurransen er stor og det gjelder å skilje seg ut med eit tilbod og ei marknadsføring som er så spesiell at turistane ser destinasjonen som ein «reason-to-go». Å kunne marknadsføre regionen som UNESCO Global Geopark vil gi HAFS-området eit stort fortrinn i reiselivsmarknaden overfor regioner som ikkje har dette kvalitetsstempelen.

- **Berekraftig reiselivsutvikling**

Eit neste punkt som Innovasjon Norge utpeikar som heilt sentralt i reiselivsutviklinga er at destinasjonar må utviklast på ein berekraftig måte. Dette betyr at ein region tar vare på natur, kultur og miljø, scorar høgt på dei sosiale verdiane (lokal livskvalitet, gjestetilfredsheit osv.) og klarer å skape den naudsynte økonomiske avkastninga som aktørane treng for å blomstre og vidareutvikle seg.³²

Det same prinsippet dannar også grunnlag for UNESCO Globale Geoparkar: I søknaden om å bli ein UGG må ein kunne dokumentere at reiselivet i Geoparken og økonomien knytt til parken er berekraftig; dessutan må også dei naturlege og kulturelle ressursane forvaltast på ein berekraftig måte.³³

I praksis betyr det at målet for ein UNESCO Global Geopark er kvalitet framfor kvantitet. Berekraftige tilbod med kvalitet oppnår ein ikkje gjennom at store grupper får eit

³¹ I ei nasjonal kåring av Noregs geologiske nasjonalmonument kjem Brurastakken på plass 3.

³² Innovasjon Norge: Standard for bærekraftig reisemål. Kriterier og indikatorer. Versjon 2.0./4.7.2017 (pdf). <http://www.innovasjonnorge.no/no/reiseliv/Baerekraftig-reiseliv/Merket-for-baerekraftig-reisemaal/>

³³ Punkt D i Application dossier for UNESCO Globale Geoparkar.

standardisert og upersonleg opplegg. Metodikken må heller bli å jobbe med mindre grupper, bruke god tid, fordjupe og konsentrere seg i nokon få emne, tilby individuell tilrettelegging og personlege møte med lokalbefolkninga.

Berekraftig utvikling betyr også at lokalsamfunnet sjølv har styringa over si eiga utvikling. Dette er av stor viktighet spesielt i eit område som ikkje har så mykje reiseliv frå før men som ønskjer å utvikle seg. HAFS-regionen kan t.d. vere eit alternativ for turistar som ønskjer seg ei reise «off the beaten track» og samtidig vere ei avlastning for Indre Sogn-regionen som har veldig mykje reiseliv og no nærast har nådd eit mettingspunkt. I staden for å vente på kva som kanskje kjem til å skje eller la seg overkøyre av ytre krefter er det betre «å vere på» og spele ei aktiv rolle i si eiga utvikling.³⁴

Geoparken kan ta ei leiande rolle i innføringa og omsetting av berekraftkonseptet. Gjennom partnarskapsavtaler med reiselivsbedrifter får bedriftene informasjon og hjelp til å oppnå standarden. Dei får dermed rett til å kalle seg for partner av UNESCO Global Geopark og kan bruke dette i si marknadsføring.

Så er det viktig å understreke at Geoparkar ikkje berre skal driftast berekraftig men også fortelje om kva berekraft og utnytting av naturressursar betyr for jordkloden og menneskeslekta – spesielt i eit land som Noreg med si oljehistorie.

- **Samarbeid med andre UNESCO-stader**

Med UNESCO-statusen kan ein Geopark samarbeide med andre UNESCO-stader som verdsarvstadene. For ein UNESCO Global Geopark i HAFS ville det vere naturleg å etablere eit samarbeid med verdsarvstader som Bryggen i Bergen, Nærøyfjorden og Urnes.

I 2017 innførte «Fjordtours» ein «UNESCO Fjord Bus Tour» som køyrer mellom Sogndal og Geirangerfjorden. Ei UNESCO-rute frå Bergen til HAFS, Nærøyfjorden, Urnes og Geiranger ville vere eit interessant reiselivstilbod.

Reiselivsplanar og –strategiar i Noreg: Passar ein UNESCO Global Geopark inn?

Om ein UNESCO Global Geopark i HAFS skal få offentleg støtte så er det viktig å sjå i kva grad konseptet passar inn i eksisterande konvensjonar, plan- og strategiverk for landskapsforvaltning og reiseliv. Det blei allereie nemnt at UGG-konseptet passar utmerka inn i regjeringas reiselivsstrategi «Destinasjon Norge» frå 2012 og Innovasjon Norge sine føringar for reiselivsutviklinga i Noreg. Det finst fleire relevante tema:

- **Den Europeiske Landskapskonvensjonen**

Den Europeiske Landskapskonvensjonen³⁵ har som mål å verne og forvalte landskapet.

«Landskap» omfattar alt av natur og kultur i eit landskap – og den geologiske arven utgjer her ein fundamental del. Sentrale punkt i konvensjonen er mellom anna:

-forbetre kunnskap, utdanning og formidling om landskap

³⁴ Turismen omkring Trolltunga i Odda kommune er eit eksempel på korleis ein uheldig reiselivstrend plutselig kan oppstå. <https://www.nrk.no/dokumentar/xl/selfieturisme-pa-trolltunga-1.13239323>

³⁵ <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/internasjonalt-plansamarbeid/landskapskonvensjonen/id410080/>

-styrke lokal medverknad i landskapsforvalting og -utvikling

Noreg har signert konvensjonen og har dermed forplikta seg til å oppnå måla i konvensjonen.

UNESCO Globale Geoparkar vil vere ypparlege plattformer for å omsette

Landskapskonvensjonen fordi dei skal forvalte og formidle alt av natur og kultur i eit landskap og involvere lokalbefolkninga.

- **Konvensjonen om Biologisk Mangfald**

Noreg har også signert Konvensjonen om Biologisk Mangfald og dermed forplikta seg til å

stanse tapet av biologisk mangfald innan 2020. I 2016 vedtok Noreg handlingsplanen for

naturmangfald «Natur for livet»³⁶ som fokuserer på «naturmangfald» (i staden for «biologisk mangfald») fordi også det geologiske og landskapsmessige mangfaldet skal inkluderast. Også

her fell formåla til UNESCO Globale Geoparkar saman med viktige intensjonar i

handlingsplanen, nemleg å stanse tap av naturmangfaldet og sensibilisere befolkninga.

- **Eksempel frå Hyllestad knytt til desse konvensjonane og andre initiativ**

Det finst mange viktige naturreservat i HAFS-området, m.a. i Hyllestad, der dei i stor grad er

knytt til våtmark og hekkeplassar for trekkfugl. I Hyllestad finst det også verna skog

(edellauvskog på Rønset).³⁷ I dette området utarbeidar for tida Fylkesmannen ein

forvaltningsplan som også inneheld formidlingsopplegg for folk flest. På om lag 10% av

arealet i Hyllestad er det kvernsteinsbrot frå vikingtida og mellomalderen. Dei er automatisk

freda (Kulturminnelova), av internasjonal verdi (på den tentative verdsarvlista til UNESCO) og

vert formidla til eitt breitt publikum (Kvernsteinsparken/Musea i Sogn og Fjordane). Dei er

sjølvskriven kandidat til å komme på lista over «Kulturhistoriske landskap av nasjonal

interesse» (Riksantikvaren), eit arbeid som for Sogn og Fjordane sin del truleg startar i 2018

(Fylkeskonservatoren). I Hyllestad finst det berarar av tradisjonelt handverk (tømring,

steinhandverk), gamle handverk vert tatt opp att (kalkbrenning), gammal kystkultur

formidlast (Sogelag, Folkeakademi) osv. Desse og alle andre tilsvarande initiativ i heile HAFS-

regionen er av stor viktigheit for etablering og drift av ein UNESCO Global Geopark. Dei er

direkte knytt til overordna internasjonale og nasjonale strategiar for landskap og mangfald.

- **Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010 – 2025³⁸**

Visjonen til reiselivsplanen for 2025 er «berekraftige naturopplevingar i verdsklasse». Dette skal ein få til gjennom

- betre samarbeid og intensivering av nettverk

- berekraft er sjølve fundamentet i reiselivsutviklinga

- utvikling av natur- og kulturbaserte produkt (vandring, sykling, sportsturisme, mat, osv.)

- fokustert bruk av offentlege pengar, tiltrekke privat kapital

- godt tilrettelagt infrastruktur (transport, vegnett osv.)

- Profesjonell marknadsføring av fylket

³⁶ Meld.St. 14 (2015-2016): Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfold. (pdf)

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Internasjonalt/Internasjonale-avtaler/Konvensjonen-om-biologisk-mangfold-CBD/>

³⁷ Sjå www.kart.naturbase.no

³⁸ Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010 – 2025 (pdf).

[http://www2.sfi.no/cmssff/cmspublish.nsf/\\$all/9C1F7A100D232437C12577A5003B38AA](http://www2.sfi.no/cmssff/cmspublish.nsf/$all/9C1F7A100D232437C12577A5003B38AA)

-Auke kunnskap/kompetanse innanfor reiselivsnæringa

Ein UNESCO Global Geopark vil passe godt inn i reiselivsplanen fordi den er basert på berekraft, utviklar produkt som er basert på natur- og kulturarven (inklusive mat), er ein plattform som er knytt saman med reiselivs- og andre aktørar. Desse sit på profesjonell kunnskap og kompetanse om marknadsføring og reiselivsutvikling.

- **Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane (2014 – 2025)³⁹**

Planen er eit verktøy for å auke folketalet og skape fleire arbeidsplassar i Sogn og Fjordane. Med «verdiskaping» er det meint økonomisk verdiskaping, først og fremst i det private næringslivet. Eit av satsingsområda er reiseliv der planen støtter seg på fylkets reiselivsplan. Sentrale mål innanfor reiselivsutviklinga er auka verdiskaping, heilårsarbeidsplassar og eit meir berekraftig reiseliv. Desse mål fell saman med måla til ein UNESCO Global Geopark som ville vere ein optimal plattform for å realisere fylket si reiselivssatsinga i HAFS-regionen.

³⁹ <http://verdiskapingsplanen.no/>



Livsnerva mellom Solund, Hyllestad og Gulen – med Lihesten bak. Foto: Per Storemyr

Er det mogleg å samkøyre Geopark-ideen med Regionalparken «Sognefjorden Kystpark»?

I tillegg til Nasjonalparker og Geoparker finst det i Noreg også Regionalparker. I dag er det 6 godkjende Regionalparker, blant dei Sognefjorden Kystpark som blei skipa i Solund 1. januar 2017⁴⁰. Dessutan er det fleire parkar under etablering. Alle desse parkane har i eit nettverk samla seg i ein felles overordna organisasjon «Norske Parker».

Regionalparker er *«en dynamisk, langsiktig og forpliktende samarbeidsplattform for lokalsamfunn, myndigheter og næringsliv med en interesse for å ivareta og videreutvikle natur- og kulturverdier i et definert landskaps- og identitetsområde.»*⁴¹

Effektane av Regionalparkane i Noreg har blitt undersøkt og i stor grad bekrefta.⁴²

Regionalparkmodellen har hatt stor suksess i utlandet, nokon også i Noreg, som t.d. Valdres Natur- og Kulturpark. Både i Tyskland og Sveits er slike parkar forankra i lovverket og mottar statleg støtte. Nokon av dei tyske Geoparkane er både Geopark og Naturpark nettopp for å kunne ta imot denne støtta. Med slik finansiering er det mogleg å drive effektiv og omfattande: Juraparken er eit eksempel frå Sveits som i løpet av nokon få år har utvida sitt team til 9 tilsette som jobbar med alt frå naturvern, formidling og undervising, produktutvikling, arrangement og marknadsføring.⁴³ I Noreg jobbar Norske Parker fortsatt mot å få på plass ei statleg støtteordning.

Regionalparker og UNESCO Globale Geoparker har fleire fellestrekk, men skil seg i nokre viktige punkt:

- **Rammer og forpliktingar:**

I og med at Regionalparker enno ikkje står under ei statleg/offentleg ordning, så er det mindre strikte rammer og reglar for korleis dei skal driftast. Dei må heller ikkje søkje om statusfornyng.⁴⁴ Ein UGG derimot har veldig tydelege rammer og forpliktingar og må kvart fjerde år bevis at dei tilfredsstiller krava til UNESCO.

- **Oppgåver:**

Ein Regionalpark har mykje større fridom til å definere sine oppgåver og prosjekt enn ein UNESCO Global Geopark som må følgje ein agenda. I praksis kan ein Regionalpark halde på med det same som ein Geopark – men må det ikkje.

- **Kompetansar:**

Geologisk fagkompetanse er naudsynt for ein Geopark men ikkje for ein Regionalpark.

- **Marknadsføring og profil**

Mens hensikta med ein Geopark er ei klar marknadsføring og profilering av regionen som nettopp «Geopark» så er marknadsføringa av ein Regionalpark-region meir open og trenger strengt tatt ikkje vere noko overordna mål. Det er heller ikkje noko felles praksis for kva

⁴⁰ Sognefjorden Kystpark er organisert som eit lag med eit styre.

⁴¹ www.norskeparker.no

⁴² Distriktssenteret (2014): Regionalparker i Norge. Hva er oppnådd og hva er merverdien? (pdf) <https://distriktssenteret.no/litteratur/regionalparker-norge-hva-er-oppnadd-og-hva-er-merverdien/>

⁴³ <https://jurapark-aargau.ch/>

⁴⁴ Dette kan forandre seg viss Regionalparkane kjem inn under ei statleg ordning.

Regionalparkane kallar seg og marknadsfører seg som: Mens nokon går for «Regionalpark», veljar andre å bruke «natur- og kulturpark», «verdsarvpark», «kystpark» eller ikkje park i det heile («Varanger Arctic Norway»). I Noreg slit nok begge parktypar med at mange nordmenn ikkje kjenner til dei. Det kan truleg vere ein fordel å marknadsføre seg som Geopark nett fordi den har ein meir definert agenda enn ein Regionalpark.

Kan Geoparken og Kystparken samkøyrast?

Norsk Kvernsteinsenter hadde fleire møte med Kystparken for å drøfte dette spørsmålet, og Franziska Rüttimann (som representant for Kvernsteinsenteret) har i mellomtida blitt styremedlem i Kystparken. Dessutan var to representantar for Kystparken, Trude Søylen og Kjell Mongstad, med på studieturen til dei norske Geoparkane.

Parken er i ein startfase og fram til no i stor grad basert på dugnad. Dei fleste som engasjerer seg i Kystparken bur i Solund der ideen for Kystparken blei født og der engasjementet for og forståinga av Regionalparkkonseptet er størst.

I og med at måla til ein Regionalpark og ein UNESCO Global Geopark i stor grad er identiske vil det vere naturleg å integrere dei to initiativa over kort eller lang tid. Det er lite hensiktsmessig, truleg urealistisk, å drive både ein Regionalpark og ein Geopark i same region.

Skal Geoparken vere ein Regionalpark?

I prinsippet kan ein Geopark godt vere organisert som Regionalpark slik det er vanleg i Tyskland. Men i motsetnad til Tyskland kan ein norsk Geopark (enno) ikkje profitere på ei statleg Regionalpark-støtteordning. Dessutan betyr det å vere med i to typar parkkategoriar at ein må bruke kreftar og ressursar på å vere med i to nettverk (noko som også har fordeler med omsyn til læring, samarbeid og kontaktar) og forhalde seg til to ulike rammer og strukturar. Ingen av dei tre norske Geoparkane har organisert seg som Regionalpark – kanskje fordi det ikkje medfører nokon automatiske statlege midlar ved å bli organisert slik. Geoparkane har derimot sjølv som mål å få til ei statleg støtteordning. Viss Regionalparkane skulle oppnå sitt mål (og ikkje Geoparkane – slik det er i Tyskland), så ville det absolutt vere interessant for ein Geopark å organisere seg som Regionalpark.

Skal Geoparken bygge vidare på Sognefjorden Kystpark?

Sognefjorden Kystpark er eit fantastisk eksempel på eit basisdemokratisk initiativ som er bære av «folk» og som har fått til mykje til trass i lite offentleg støtte. Medlemene i Kystparken engasjerer seg fordi dei trur på sin region og vil utvikle samfunnet samtidig som landskapet og lokale tradisjonar skal bevarast. Fordi Regionalparken har liknande mål som ein UNESCO Global Geopark er interessa i Kystpark-styret stor for å utvikle Regionalparken til ein UNESCO Global Geopark.⁴⁵

⁴⁵ Dokumentet «Sognefjorden Kystpark – ein regionalpark med moglegheiter» frå Kjell Mongstad gir ein god oversikt over måla til Kystparken, kva fellesnemnarane til HAFS-kommunane er og at parken ønskjer ei vidareutvikling til ein UNESCO Global Geopark. Last ned her:

Så er det viktig å sjå at det å etablere ein UNESCO Global Geopark er ei stor, omfattande og ambisiøs investering som treng ein organisasjon som må driftast profesjonelt og målretta frå starten av (sjå neste kapittel). Dessutan krev prosjektet spesifikk fagkompetanse (geologi, forvaltning av natur- og kulturarv, formidling, produktutvikling, marknadsføring osv.). Fordi agendaen til ein UGG er mykje meir krevjande enn for ein Regionalpark, vil Kystparken med sine noverande ressursar ha vanskar med å ta på seg ei slik oppgåve.

Det heilt avgjerande for etableringa av ein godt fungerande Geopark er ei offentleg form for støtte og eigarskap (kommunal og fylkeskommunal) både ideelt og økonomisk – som eksempla frå andre Geoparkar viser. Det vil såleis vere opp til dei offentlege eigarane å bestemme forma og organisasjonen til ein HAFS-Geopark. Om og korleis Kystparken og Geoparken blir køyrt saman må også bli opp til eigarane til dei to organisasjonane. Det vil vere viktig og av stor nytte for den lokale forankringa at Kystparken frå starten av har ei viktig rolle i utviklinga av Geoparken.

<https://kvernsteinsparken.files.wordpress.com/2018/01/sognefjorden-kystpark-ein-regionalpark-med-moglegheiter-endeleg.pdf>. På www.sognefjordenkystpark.no finst vedtektene, parkplanen og ein 4-årig handlingsplan.



Ein Geopark er mykje meir enn geologi og stein... Og sjøfugl kan ein lære meir om på Norsk Sjøfuglsenter på Værlandet: Foto: Per Storemyr

Kvar går vegen vidare for å realisere ein UNESCO Global Geopark?

Forprosjektet viser at Geoparkideen må basere seg på fire støttepilarar:

- Det endelege målet må vere ein UNESCO Global Geopark, ikkje berre ein Geopark.
- Satsinga på ein UGG må vere godt forankra i lokalsamfunnet (kommuneadministrasjon, politikarar, næringslivet, reiselivsaktørar, skulane osv.)
- Ein må tenke stort frå starten av: Geoparken må ha ei langtidsfinansiering og fleire tilsette for å oppnå måla til ein UGG og kunne utnytte potensialet ein UGG har.
- Geoparken må by på ein del «spektakulære» og spennande opplevingar som bidrar til at Geoparken blir til ein «reason to go»-reisemål.

Målet må vere ein UNESCO Global Geopark

Som nemnt jobbast det i Noreg for tida med å lage nasjonale kriterium for Geoparkar. Desse skal vere litt mindre krevjande og meir overkommelege enn kriteria til ein UNESCO Global Geopark. Det er ingen tvil om at ein status som norsk Geopark må vere første steget, men det er også ingen tvil om at det er UNESCO-statusen som er «kroninga» og garantien for dei positive effektane. Utan UNESCO-statusen får marknadsføringa aldri den same betydninga, regionens attraktivitet blir i mykje mindre grad synleg, regionen kan ikkje profitere på UNESCO-nettverket eller bruke statusen som ein døropnar for offentleg og privat finansiering.

Derfor er konklusjonen at ein berre bør satse på Geopark viss det er UNESCO Global Geopark som er det endelege målet.

Forankring i kommunane og i fylkeskommunen

I motsetning til verdsarvstader må UNESCO Globale Geoparkar vere skapt og styrt «bottom-up». Forankringa i lokalsamfunna er heilt sentralt og må komme fram i søknaden. Dette betyr at Geoparken må vere eit initiativ frå lokale og regionale myndigheiter og frå aktørar som alle gir sin støtte til ideen og er einige om målsettingane, strategiane og tiltaka. Geoparken må forankrast i planverk og reiselivsstrategiar.

Utan eit stort engasjement frå kommunal og fylkeskommunal side er det vanskeleg å tenkje seg ein UNESCO Global Geopark i HAFS. Begge dei to norske UNESCO Globale Geoparkar blir i stor grad styrt og finansiert av fylkeskommunar og kommunar. For UNESCO er det eit viktig kriterium at Geoparken har ei sikra finansiering for fleire år framover og ikkje er prosjektbasert. Derfor er ein viktig føresetnad for etableringa av ein UGG i HAFS at dei involverte kommunane og fylkeskommunen er med frå starten av og bestemmer kva form Geoparken skal ha og korleis finansieringa blir sikra.

Satsing frå starten av

Å etablere og drive ein UNESCO Global Geopark er ikkje ein enkel affære. Det må utarbeidast planar for forvaltninga, marknadsføring, konservering, berekraftig reiselivs- og produktutvikling osv. Vidare må Geoparken utvikle ein stor mengde med formidlingstilbod som t.d. «geosites» (geolokalitetar), løyper, appar, brosjyrar, webside – og alt dette må haldast vedlike og kontinuerleg utviklast. Geoparken må utdanne formidlarar som kan tilby omvisingar og turar, må arrangere tilstellingar, samarbeide med barnehagar, skular og høgskular osv. Dessutan skal Geoparken vere ein pådrivar for lokale prosjekt og fungere som koordinator for ulike nettverk. I tillegg ventar kvart fjerde år ein krevjande «revalideringsprosess» for å få tildelt UNESCO-statusen på nytt.

Å jobbe med alle desse områda er eit klart krav frå UNESCO si side, men jo meir som blir gjort av desse oppgåvene jo større blir jo effektane for samfunnet.

Konkret betyr det at ein ikkje kan realisere ein UNESCO Global Geopark med ei halv eller ei einsleg stilling. Dette er også den klare beskjeden Geoparkane i Noreg gir: Tenk fleire stillingar frå starten av – elles er det stor fare for at dei tilsette slit seg ut samtidig som effektane av Geoparken er små.

«Reason-to-go»-attraksjonar i Geoparken

Det er eit faktum at HAFS-regionen ligg «off the beaten track» og at det er ei stor utfordring å bygge opp regionen som attraktiv reisemålsdestinasjon. UNESCO-status vil hjelpe, men er ikkje tilstrekkeleg til å gjere om regionen til å bli ein «reason to go». Blant dei norske turistane (som utgjer 70% av turistane i Noreg) er konseptet Geopark ikkje særleg kjent og kan lett misforståast som «geologipark». Som undersøkingar dessutan viser, er geologi eit fag som ikkje-geologar fort kan oppleve som «vanskeleg» og komplekst og erfaringane til Norsk Kvernsteinsenter og andre viser at det ikkje er lett å formidle geologi på ein enkel og samstundes korrekt måte.

Derfor blir det anbefalt å kombinere formidlinga av geologi og den geologiske arven samd resten av natur- og kulturarven med hjelp av spennande metodar, skreddarsydd ulike målgrupper.⁴⁶ I tillegg til dei «vanlege» tilboda som guida turar, skuleformidling, tavler osv. vil det vere viktig å utarbeide nokon oppsiktsvekkande attraksjonar og opplevingar. Idear til dette siste kan vere:

- Utarbeide løyper eller geolokalitetar med kjente kunstnarar slik at kunstnarens namn bidrar til å trekke besøkjande (t.d. «land art» kunstnarar).
- Sanseorienterte tilbod: Løype der ein skal gå berrføtt og kjenne på naturmateriale, løype der ein kan gå blind, løype med ulike stein-installasjonar som lagar lyd
- Skattejakt à la Geocaching
- Hinderløyper / klatrestier / Via Ferrata

I tillegg må ein naturleg nok jobbe for å gjere nokre av dei mest kjende geologiske og andre attraksjonar til «ikon». Det kan gjelde Brurastakken, Alden, Lihesten, Lågøystolane osv. Under er det nokon eksempel på korleis landskapet kan brukast som «scene» for landskapskunst og andre attraksjonar.

⁴⁶ Mange gode tips om formidlingstilbod i Geoparkar finn ein i: Heidi Megerle (red.) (2006): Geotourismus. Wissenschaftlicher Verlag Marc Oliver Kersting, Rottenburg.



«Land art»: Gulatinget. Foto: Per Storemyr



Varde frå Andy Goldsworthy.

Kjelde: www.blog.rowleygallery.co.uk/refuges-dart/




Land Art frå Martin Hill og Philippa Jones.

Kjelde: www.journal-du-design.fr/art/land-art-par-martin-hill-et-philippa-jones-39277/



'Echo van de Veluwe' Nederland frå Chris Booth.

Kjelde: www.niftyhomestead.com/blog/rock-sculptures



Geocaching er ein utbredt form for moderne skattejakt ute i terrenget.

Kjelde: www.geocaching.com



Ein UNESCO Global Geopark i HAFS må skapast av alle. Frå Kvernsteinsparken. Foto: Per Storemyr

Forslag til korleis ein kan realisere ein UNESCO Global Geopark i HAFS

Føresetnaden for ein UNESCO Global Geopark i HAFS er ein felles vilje av kommunane Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og evt. Gulen og Gaular til å i fellesskap satse på ei slik investering. HAFS-Regionråd er felles arena for desse kommunane (unntatt Gaular) og dermed eit naturleg forum for å drøfte ideen vidare. Ein plan for vegen vidare kan sjå ut slik:

2018: Avklaringar

- **Trengst det fleire utgreiingar?**

Det kan vere hensiktsmessig med fleire utgreiingar:

- Analyse av regionens potensial for geoparkrelatert turisme: Det er eit krav frå UNESCO at Geoparken må presentere ein slik analyse. Han vil gi oversikt over alle tilbod som finst i den potensielle Geopark-regionen frå før av og vurdere utviklingsmoglegheitene.
- Drøfting av ulike organisasjonsmodellar for ein Geopark: Det finst forskjellige modellar for korleis ein Geopark kan driftast (IKS, aksjeselskap, via Friluftsråd, som Regionalpark). Ein studie kan gi svar om fordelar og ulemper ved dei ulike variantane.

- **Avklare rolla til fylkeskommunen**

I Magma Geopark og i Gea Norvegica er rolla til fylkeskommunane heilt sentrale. For ein UGG i HAFS vil støtte frå fylkeskommunen vere av avgjerande betyding. Det er viktig å presentere ideen for den fylkeskommunale administrasjonen og finne ut kva deira haldning er.

- **Evt. studietur til Gea Norvegica og/eller Magma Geopark**

For at aktørar i fylkeskommunen, kommunane og politikarar skal forstå kva ein Geopark er, hjelper det med studieturar. Den eldste og best fungerande Geoparken i Noreg er Gea Norvegica og dagleg leiar Kristin Rangnes sit i styret til det europeiske og globale geoparknettverket og er dessutan medlem i «UNESCOs Global Geopark Council». Det mest hensiktsmessige vil vere å besøke Gea Norvegica, evt. kombinere besøket med Magma-Geopark.

Når det gjelder studieturar til utlandet så har vi i dette forprosjektet ikkje funne fram til ein Geopark som utan vidare kan samanliknast med ein evt. HAFS-Geopark.⁴⁷ Ein studietur til ein utanlandsk Geopark vil først og fremst vere nyttig for å få idear til sjølve utforminga av ein Geopark (geolokalitetar, stiar, guiding osv.).

⁴⁷ Geoparkane i Irland har store naturattraksjonar og eit godt fungerande reiseliv frå før av og er i ein heilt anna situasjon enn HAFS-regionen.

2018-2019: Førebuing hovudprosjekt

Før ein satsar på eit hovudprosjekt for å etablere ein UNESCO Global Geopark, må fleire viktige punkt vere avklart:

- Eigarskap
- Organisasjons- og finansieringsform (også finansiering etter hovudprosjektet)
- Rolleavklaring til aktørar som Norsk Kvernsteinsenter, Sognefjorden Kystpark, Fjordkysten Friluftsråd, Visit Fjordkysten osv.

Det er lite hensiktsmessig at desse punkt blir del av eit hovudprosjekt fordi ein då risikerer at heile prosjektet havarerer viss det ikkje finst einigheit om dette.

Førebuinga må dessutan omfatte eit konsept og ein plan for realiseringa av Geoparken. Konseptet må vere så omfattande at alt som trengst for UNESCO-godkjenninga vert inkludert, samtidig som ein identifiserer dei punkt som må prioriterast slik at den norske godkjenninga raskt kan komme på plass. Konseptet bør bestå av:

- Detaljert organisasjonsmodell (styring, administrasjon, stillingar, plassering av organisasjonen, områdeavklaring)
- Finansieringsplan
- Forretningsplan
- Identifisere og beskrive alle oppgåver som Geoparken må gjere
- Tidsplan med etappar for dei ulike oppgåver/tiltak

2019-2022: Hovudprosjekt

Å bygge opp ein UNESCO Global Geopark er eit stort og omfattande prosjekt som krev mykje ressursar. Det er ønskjeleg at Geoparken til slutt rår over minst 3 stillingar og at det jobbar 1-2 personer frå starten av. Ein må rekne med at denne fasen varer i 4 år, og i løpet av denne tida må desse oppgåvene løysast:

Natur- og kulturarv

- Identifikasjon og skildring av alle lokalitetar som viser den geologiske og kulturelle arven i regionen (til dels allereie gjort i Geologiprojektet ved Norsk Kvernsteinsenter og NGU). Arbeidet kann munne ut i t.d. eit natur og kulturhistorisk atlas for regionen på fleire språk.
- Forvaltningsplan for natur- og kulturarven.

Formidling

- Formidlingskonsept for alle valde lokalitetar
- Utdanningskonsept og utdanningskurs for guidar
- Samarbeid med barnehagar, skuler og høgskuler

Berekraftig reiseliv

- Plan for implementering av Innovasjon Norge sitt merke «berekraftig reisemål»⁴⁸
- Definere kriterium for Geopark-partnarar
- Bygge opp eit nettverk med partnerar og definere prosjekt for produktutvikling
- Geofood: Prosjekt for promotering av mat i Geoparken
- Oppgradering av infrastrukturen (overnatting, offentlig transport, sykkel osv.)

Marknadsføring

- Lage marknadsføringsplan for Geoparken
- Lage marknadsføringsmateriale (webseite, Corporate Design, brosjyrar osv.)

Første milepæl i hovudprosjektet vil vere godkjenning som norsk Geopark. Etter 3 år må Geoparken vere ferdig og i drift, slik at det siste prosjektåret blir brukt til å skrive søknaden til UNESCO (UNESCO-statusen kan berre oppnåast viss Geoparken har vore i drift i minst eit år).

2023: Geoparken i HAFS får UNESCO-status og driftsfasen tek til

Viss UNESCO oppdagar manglar i søknaden må desse rettast opp i. Frå då av kan det ta ytterlegare 1-2 år til inntil statusen forhåpentleg er på plass. Driftsfasen startar uansett etter innsendt søknad (som strengt tatt må ha starta tidlegare for å oppfylle UNESCO sine krav om å ha vore ein fungerande Geopark i minst eit år). No gjeld det å drifte Geoparken, bygge han ut og gjere alle oppgåver som ein UNESCO Globale Geopark er pålagt.

⁴⁸ Destinasjonsselskapet Visit Fjordkysten har allereie starta med denne prosessen.



Steinkross og kvernstein i granatglimmerskifer bind regionen saman. Steinkrossen i Korssundet i Fjaler.

Foto: Per Storemyr

Referanser

Internett

Distriktssenteret (2014): Regionalparker i Norge. Hva er oppnådd og hva er merverdien? (pdf)
<https://distriktssenteret.no/litteratur/regionalparker-norge-hva-er-oppnadd-og-hva-er-merverdien/>

Innovasjon Norge: Håndbok for reisemålsutvikling (pdf)
<http://www.innovasjon Norge.no/no/reiseliv/Reisemalsutvikling/handbok-for-reisemalsutvikling/>

Innovasjon Norge: Standard for bærekraftig reisemål. Kriterier og indikatorer. Versjon 2.0./4.7.2017 (pdf)
<http://www.innovasjon Norge.no/no/reiseliv/Baerekraftig-reiseliv/Merket-for-baerekraftig-reisemaal/>

Innovasjon Norge: Nøkkeltall for norsk turisme i 2016 (pdf)
www.innovasjon Norge.no/no/reiseliv/markedsdata---ny/Nyhetsartikler/nokkeltallsbrosjyren-2016/

Meld.St. 14 (2015-2016): Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfold. (pdf)
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Internasjonalt/Internasjonale-avtaler/Konvensjonen-om-biologisk-mangfold-CBD/>

Miljøverndepartementet (2009): Den europeiske landskapskonvensjonen (pdf)
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/den-europeiske-landskapskonvensjonen/id586630/>

Norges geologiske undersøkelse: UNESCO globale geoparker. Norske initiativer. (pdf)
<http://www.ngu.no/nyheter/ny-brosjyre-om-geoparker>

Norges geologiske undersøkelse: Geologisk mangfold i norsk naturforvaltning.
https://issuu.com/ngu_/docs/geologiskmangfold_final

Nærings- og handelsdepartementet (2012): Destinasjon Norge. Nasjonal strategi for reiselivsnæringen (pdf)
<https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/reiseliv/destinasjon-norge/id677751/>

Peter Fredman (19.7.2017): Naturbasert reiseliv – en stadig viktigere del av bioøkonomien
<https://forskning.no/blogg/turist-i-naturen/naturbasert-reiseliv-en-stadig-viktigere-del-av-biookonomien>

Project M GmbH (2015): UNESCO-Label für Globale Geoparks in Deutschland (pdf)
<http://www.geopark-terravita.de/de/downloads>

Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010 – 2025 (pdf)
[http://www2.sfj.no/cmssff/cmspublish.nsf/\\$all/9C1F7A100D232437C12577A5003B38AA](http://www2.sfj.no/cmssff/cmspublish.nsf/$all/9C1F7A100D232437C12577A5003B38AA)

UNESCO
<http://www.unesco.org/new/en/natural-sciences/environment/earth-sciences/unesco-global-geoparks/application-process/>

- Operational Guidelines for UNESCO Global Geoparks (pdf)
- Statutes of the International Geoscience and Geoparks Programme (pdf)
- Application Dossier for UNESCO Global Geoparks (pdf)

Hilde Wika for Vega kommune (2014): Avslutningsrapport reiseliv 2014 (pdf)
[http://www.vega.kommune.no/www/vega/resource.nsf/files/www9r3dje-avslutningsrapport_reiseliv2014/\\$FILE/avslutningsrapport_reiseliv2014.pdf](http://www.vega.kommune.no/www/vega/resource.nsf/files/www9r3dje-avslutningsrapport_reiseliv2014/$FILE/avslutningsrapport_reiseliv2014.pdf).

Publikasjoner

European Geoparks Magazine, Issue No 13 / 2016 (s.38): Partnerships between geoparks and earth and stone industries – benefits in geo-education and geotope protection.

Kjell Mongstad (2017): Sognefjorden Kystpark – ein regionalpark med moglegheiter. Last ned:
<https://kvernsteinsparken.files.wordpress.com/2018/01/sognefjorden-kystpark-ein-regionalpark-med-moglegheiter-endeleg.pdf>

Tom Heldal (NGU) og Torbjørn Løland (Norsk Kvernsteinsenter) (2015): Geologien som verdiskapar. Sluttrapport for HAFS-prosjektet. Last ned:
<https://kvernsteinsparken.files.wordpress.com/2017/04/geologien-som-verdiskapar-i-hafs.pdf>

Tom Heldal: Geologien i HAFS. En illustrert veileder. (Ikkje publisert manus)

Heidi Megerle (red.) (2006): Geotourismus. Wissenschaftlicher Verlag Marc Oliver Kersting, Rottenburg.

Vedlegg 1: Uttale Norges geologiske undersøkelse



NORGES
GEOLOGISKE
UNDERSØKELSE
NGU

Musea i Sogn og Fjordane, Norsk Kvernsteinsenter
Attn.: Franziska Rüttimann

6957 HYLLESTAD

Deres ref.:
Vår ref.: 17/00512-1

Trondheim 07.09.2017

Saksbehandler: Tom Heldal

HAFS-REGIONEN OG UNESCO GLOBAL GEOPARK

I forbindelse med forprosjekt/vurdering av HAFS-regionen og muligheter til å oppnå status som UNESCO Global Geopark, har NGU følgende uttalelse:

- UNESCO Global Geoparker kan beskrives som "single, unified geographical areas where sites and landscapes of international geological significance are managed with a holistic concept of protection, education and sustainable development" (se [UNESCO websider](#)).
- En absolutt betingelse for å søke om status og medlemskap i UNESCO Globale Geoparker er altså geologiske steder og landskap av internasjonal verdi. Dette evalueres av et uavhengig, internasjonalt ekspertpanel som første trinn i en søknadsvurdering.
- Det er NGUs oppfatning at området kan vise til to felt der synlige geologiske elementer av internasjonal verdi kan dokumenteres.
- Begge feltene dreier seg om hvordan fjellkjeder blir dannet, dokumentert i restene av den Kaledonske Fjellkjeden (440 til 370 millioner år siden) som er godt representert og synlig i landskapet.
- Det ene feltet dreier seg om en fjellkjedes vekst og dannelse. Det skjedde ved at to kontinenter kolliderte, og det ene ble presset under det andre dypt ned i jordas indre. Ytre Sogn er et internasjonalt anerkjent område for å studere slike dypdykk av kontinenter, og berggrunnen kan vise til bergarter dannet på ekstremt store dyp. Derfor kan for eksempel observasjoner i området brukes til å forutse hva man kan forvente å finne i røttene til Himalaya.
- De andre feltet dreier seg om hvordan høye fjellkjeder kollapse av sin egen vekt og de prosesser som virker rundt en fjellkjedes «fall» - erosjon og avsetning av mektige sedimentbassenger (Devonfeltene) kombinert med gigantiske utglidninger og forkastninger. Også på dette området er HAFS sterkt anerkjent internasjonalt som et typeområde.
- Innenfor begge disse feltene er det publisert svært mye vitenskapelige artikler av høy kvalitet, og det er jevnlig internasjonale ekskursjoner i området.
- I tillegg til de ovenfor nevnte feltene vil vi også påpeke at det er publisert geologiske kart og beskrivelser fra området meget tidlig (allerede 1822-24). Disse beskrivelsene, og i særdeleshet kartene som medfølger, bør fremheves blant banebrytende pionerarbeid innen utvikling av geologi som vitenskap.

Besøksadresse: Leiv Eirikssons vei 39, Trondheim
Postadresse: Postboks 6315 Torgarden, 7491 Trondheim

Telefon: 73 90 40 00 Telefaks: 73 92 16 20
Foretaksnr.: NO 970 188 290

E-post: ngu@ngu.no
Internett: <http://www.ngu.no>

Det er altså NGUs konklusjon at geologien i HAFS-regionen oppfyller kriterier til å være «of international geological significance». Det vil si at vi mener at minstekravet til å søke UNESCO Global Geopark er oppfylt. Vi vil understreke at denne uttalelsen kun gjelder de geologiske kriteriene, ikke de andre.

Vennlig hilsen



Tom Haldal
direktør Geologiske ressurser og miljø

Vedlegg 2: Støttebrev Høgskulen på Vestlandet



**Høgskulen
på Vestlandet**

Musea i Sogn og Fjordane, Norsk Kvernsteinssenter
Franziska Rüttimann
6957 Hyllestad

Sogndal, 02.11.2017

UNESCO Global Geopark i HAFS regionen

Det har nylig blitt gjennomført et forprosjekt for å vurdere om HAFS-regionen vil kunne søke status som UNESCO Global Geopark. Faggruppen i geologi ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) ser på prosjektet som svært viktig både vitenskapelig og for allmenheten og ønsker å delta i det videre arbeidet med å få området UNESCO godkjent som Global Geopark.

Geologien i HAFS-regionen er av stor nasjonal og internasjonal betydning og viser på en enestående måte prosessene som fører til vekst og fall av store fjellkjeder. Området er lett tilgjengelig for besøkende. Den vitenskapelige betydningen av området er godt dokumentert og området er i dag et viktig ekskursjonsmål for studenter og elever. HAFS-regionen ligger i den ytre delen av det spektakulære vestnorske fjordlandskapet hvor Geirangerfjorden og Nærøyfjorden har UNESCO status. I tillegg til den viktige naturarven området inneholder, har området også en historie knyttet til bruk av geologiske ressurser som bergarter og mineraler. Faggruppen for geologi ved HVL vurderer HAFS-regionen som en svært egnet kandidat for status som UNESCO Global Geopark. Kvalitetene i området oppfyller etter vår vurdering kriteriene listet på <http://www.unesco.org/new/en/natural-sciences/environment/earth-sciences/unesco-global-geoparks/>.

Faggruppe i geologi ved HVL har bred forsknings- og formidlingserfaring knyttet til vekst og fall av den kaledonske fjellkjeden, og istidenes prosesser som førte til dannelsen av det landskapet vi ser i dag. I det videre arbeidet med å få status som UNESCO Global Geopark, vil faggruppen i geologi ved HVL bidra med sin kompetanse.

Vennlig hilsen

Deta Gasser

Berggrunnsgeolog
Faggruppe for geologi

Tarald Seldal

Instituttleder
Institutt for naturfag

Stein Joar Hegland

Dekan
Avdeling for ingeniør-
og naturfag



Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen

Telefon: 55 58 58 00
E-post: post@hvl.no
www.hvl.no

Vedlegg 3: Program Hyllestadseminar

STIFTINGA
**MUSEA I SOGN OG
FJORDANE**

Norsk Kvernsteinsenter



**SOGNEFJORDEN
KYSTPARK**

Hyllestadseminaret 2017, 29. – 30. april

UNESCO Global Geopark i HAFS?



Geologane er einige: HAFS-regionen rår over ein **unik og internasjonal framifrå geologisk arv** som få andre område kan måle seg med. Kvernsteinshistoria er berre eit av mange kapittel i den storarta forteljinga om korleis landskapet vårt vart skapt. Men kva kan vi gjere for å **formidle, bevare og ikkje minst skape verdier** ut av denne skatten som ligg under føtene våre?

I 2015 vedtok UNESCO ei ny ordning som heiter **UNESCO Globale Geoparkar** og som er likestilt med kategorien «verdsarv». For at eit område kan kalle seg for UNESCO Global Geopark og får lov å bruke det prestisjefylte UNESCO-merket må det **oppfylle mange krav**:

Internasjonal geologisk verd, ei berekraftig forvaltning av både natur- og kulturarv og – heilt sentralt – brei forankring i lokalsamfunnet. Ein Geopark skal vere eit **samfunnsprosjekt** der mange aktørar er involvert, bidreg og får noko att.

På det 15. Hyllestadseminaret spør vi: Er Geopark ein passende modell for HAFS-området å satse på? Kva er utfordringane og dei positive effektane?

Til dette formålet har vi invitert dei to eksisterande UNESCO Globale Geoparkar i Noreg og ein region som er i ferd med å etablere den tredje norske UNESCO Global Geopark.

Vi gler oss over at vi har to viktige medarrangørar for dette seminaret:

Norges Geologiske Undersøkelse, som er ein sentral aktør innanfor Geoparknettverket, og **Sognefjorden Kystpark**, som nyleg vart grunnlagd i nabokommunen Solund og som har liknande mål og visjonar som ein Geopark.

Vel møtt til ei spennande helg i Hyllestad!

Meld deg på innan 26. april 2017: post@kvernstein.no eller tlf. 458 71 940

Vi takkar Kvernsteinslauget og Folkeakademiet Hyllestad for støtta!

PROGRAM

Laurdag, 29. april 2017

Tema: Kva er ein UNESCO Global Geopark?

Stad: Hyllestad kyrkje

- | | |
|---------------|---|
| 09.30 | Registrering, kaffi |
| 10.00 – 10.15 | Opning av seminaret: Frida Melvær, leiar, HAFS regionråd |
| 10.15 – 11.00 | Tom Heldal, avdelingsdirektør, NGU
Torbjørn Løland, formidlingsleiar, Norsk Kvernsteinsenter
Himalaya i HAFS: Den geologiske arven i HAFS-området |
| 11.00 – 11.15 | PAUSE |
| 11.15 – 11.45 | Kristin Rangnes, leiar, Gea Norvegica Geopark
Kva er ein UNESCO Global Geopark? |
| 11.45 – 12.15 | Tom Heldal, avdelingsdirektør, NGU
Geoparknettverk i Noreg og internasjonalt |
| 12.15 – 13.15 | LUNSI |
| 13.15 – 14.00 | Pål Thjømmø, leiar, MAGMA Geopark
Sara Gentilini, project manager, MAGMA Geopark
MAGMA-Geopark: Ein UNESCO Global Geopark i Rogaland og Vest-Agder |
| 14.00 – 14.45 | Kristin Rangnes, leiar, Gea Norvegica Geopark
Gea Norvegica: Ein UNESCO Global Geopark i Vestfold og Telemark |
| 14.45 – 15.00 | PAUSE |
| 15.00 – 15.45 | Audhild Bang Rande, leiar, Trollfjell Geopark (skal bli UNESCO Global Geopark)
Kvifor satse på Geopark? Korleis bygge opp ein UNESCO Global Geopark?
Eit eksempel frå Helgelandskysten |
| 15.45 – 16.30 | Publikumsdebatt
Ordstyrar: Morten Stige, økonom og kunsthistorikar, Byantikvaren i Oslo |
| 16.30 | Programslutt |
| 18.30 – 19.30 | Geopark-marknad i Kvernsteinsparken
I HAFS er det allereie aktørar som tilbyr produkt som passar veldig godt inn i ein framtidig Geopark. Her kan du møte dei og sjå kva dei tilbyr. |
| 19.30 | Middag i Storehuset i Kvernsteinsparken med underhaldning
Vi serverer Pixies berømte gropsteik. Hotel Sognefjord tar seg av catering. |

Søndag, 30. april 2017

Korleis ville ein Geopark passe inn i distriktsutviklinga i HAFS?

Stad: Hyllestad kyrkje

- 09.15 – 10.00 Kristian Bjørnstad, sekretariatsleiar, Norske Parker
Parkar i Noreg og i utlandet. Ein modell med framtidsutsikter?
- 10.00 – 10.10 PAUSE
- 10.10 – 10.40 Erling Oppheim, dagleg leiar, Nærøyfjorden Verdsarvpark
Nærøyfjorden Verdsarvpark: Kva duger «parkmodellen»?
- 10.40 – 11.10 Trude J. Søylen, styreleiar, Sognefjorden Kystpark
Roar Moe, fiskarbond og formidlar i Solund, partner i Sognefjorden Kystpark
Sognefjorden Kystpark: Kvifor satse på ein park?
- 11.10 – 11.20 PAUSE
- 11.20 – 11.50 NN, hovudutval for næring og kultur, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kva planar har fylkeskommunen for HAFS-regionen?
Korleis passar Geopark inn?
- 11.50 – 12.00 Franziska Rüttimeann, avdelingsdirektør, Norsk Kvernsteinsenter
Geopark i HAFS: Ein visjon
- 12.00 – 12.45 **Publikumsdebatt**
Ordstyrar: Morten Stige, økonom og kunsthistorikar, Byantikvaren i Oslo
- 12.45 – 14.00 LUNSJ
- 14.00 – 17.00 **Ekskursjon med Øystein Jansen, geolog**
Vi skal gå «geologiløypa» i Hyllestad sentrum som er eit resultat av geologiprojektet til Norsk Kvernsteinsenter og Norges Geologiske Undersøkelse. Her finn vi ulike typar bergarter og geologiske fenomen som kan knyttast til den store forteljinga i HAFS: vekst og fall av den kaledonske fjellkjeda.
Ekskursjonen er open for alle.
Viktig: Gode klede og sko.

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Påmelding

Send epost til post@kvernstein.no eller ring tlf. 458 71 940 innan **26. april 2017**

Deltakaravgift (inkl. lunsj)

1 dag kr. 400

2 dagar kr. 700

Middag i Kvernsteinsparken er ikkje inkludert. Faktura vert sendt ut etter Seminaret.